

Årbok

FOR SYKKYLVEN 2000



Innhold

Innhold

Eldar Høidal:	Forord - Sykkylven ein stad i verda	side	3
Arnold Weiberg Aurdal:	Nicolai Grevstad - Eit barndomsminne	side	6
Liv Randi Bjørlykke:	Luftige tankar om Sykkylvsbrua	side	8
Harald Akselvoll:	tanke	side	9
Ole Jostein Fet:	Årskavalkade	side	10
Jon Hole:	Slektsforum	side	12
Jens Petter Fylling:	Riksheim skule	side	13
Ragnhild Hausvik Fet:	Slektstreff	side	18
Jon Hole:	Annal for skolelærere. Første Aargang 1807	side	19
Harald Akselvoll:	Dei hadde ikkje skreve namnet riktig	side	21
Jostein Drabløs:	Kasteball under krigen	side	22
Sykkylven Sogenemnd:	Bøker frå Sykkylven Sogenemnd	side	24
Astrid Falkum:	En sterk følelse av virkelighet 1	side	25
Oddbjørn Myklebust:	Til hovudstaden. Frå boka "Synske hjelparar i hundre år"	side	26
Ole Jostein Fet:	Klondykestemning i Aurelva	side	29
Jostein Drabløs:	Jeg trenger en revolver	side	30
Olav Løkke:	Fotokunstneren Geir Morten Brungot	side	31
Elin Riksheim:	Pengane får vengjer å flyge på	side	36
Sissel Brunstad:	Fortida fengjer i Velledalen	side	38
Eldar Høidal:	PC-Support i 12 år	side	42
Petter Kursetjerde:	Istida	side	46
Ole Bjørn Hjellegerde:	Familie-krønike	side	48
Ivar Johansen:	Min første reise til sjøs	side	50
Eldar Høidal:	Rapport frå Sykkylven Sogenemnd	side	56
Astrid Falkum:	En sterk følelse av virkelighet 2	side	57
Leiv Drotninghaug:	Amerika-brev frå 1910	side	58
Jostein Kursetjerde:	Sykkjølvs-brua. Lita bru med lang historie	side	60
Roald Solheim:	Fornfunna i Sykkylven og arkeologiske omgrep	side	62
Petter Kursetjerde:	Bestemors kveldsbøn	side	68

Sogenemnda 2000

Medlemmer: Eldar Høidal (leiar), Tor Erik Standal, Paul Davik, Petter Hole-Drabløs, Betsy Andreassen, Greta Remø Klokk, Eldrid Suorza, Astrid Aure, Bjørn-Inge Aurdal, Stein Arne Fauske og Ragnhild Grebstad Hole.

Skriftstyret 2000

Medlemmer: Eldar Høidal (redaktør), Eldrid Suorza, Ole Jostein Fet, Kjetil Tandstad, Grete Bugge Østvik, Jarle Eidheim og Eldar Tandstad.

Utgjevar: Sykkylven Sogenemnd

Skrift på tekster er Garamond LightCondenced 12/13. Titlar er sett med Garamond BookCondenced 24

Utforming/Produksjon: EldArt, v/Eldar Tandstad. Prent: Viketrykk As, Ulsteinvik

2000

ISBN 82-990986-9-6



Eldar Høidal er historikar ved Norsk Møbelfaglig Senter. Han er leiar i Sykkylven Sogenemnd.

Forord av Eldar Høidal

Sykkylven- ein stad i verda

Aldri har vi sykkylvingar reist meir enn vi gjer i dag. No er det regelen, snarare enn unntaket, at familiær tek seg ein tur til varmare strok i løpet av sommarferien. Mange nøyser seg ikkje med det, men legg inn ei oval helg både vår og haust til ein eller annan storby i Europa. Eg vedgår det gjerne, eg er sjølv ein del av denne trenden. Eg sokjer stadig etter nye opplevingar, etter å sjå nye horisontar, etter å lære meir. For meg, og mange med meg, er det ikkje nokon motsetnad mellom denne drifta ut og drifta etter å trenge djupare ned i dei kulturlaga som vi er omgjevne av i meir heimlege miljø. Begge deler handlar om å lære meir om sin eigen situasjon i det store og i det vesle samfunnet. Det som i tidlegare tider vart skapt og forma ute i den store verda, er dei seinare hundreåra planta om til norske tilhøve og ligg i botnen for det vi kallar vår eigen kultur og våre eigne tradisjonar. I dag er livslinjene mellom oss her og dei der ute endå tydelegare enn før. Hendingar ute i den store verda får raskt konsekvensar for oss her heime, til dømes i form av forskyvingar i

balansen eller gjennom kontakt med flyktningar og asylsökjarar. Det er i dette brytningspunktet mellom det interna-

sjonale og det heilt lokale denne Årboka ligg. Det speglar seg av i det varierte stofftilfanget som vi som vanleg finn i Årboka. Mellom ytterpunktta finn vi førstereiserfaringane til sjømannen Ivar Johansen og artikkelen om lokalt sogearbeid av Sissel Brunstad. Johansen gjev eit forvitneleg prov på at utferdstrang er ei sterk drift hos mange menneske. Eg synest slike reiseartiklar er ei lyst å lese, kanskje fordi dei svarer på behov hos meg sjølv om å kome vidare, om å oppleve nye stader, nye menneske og vinne nye røynsler. Sissel Brunstad har også vore på langferd, i fjar var ho eitt år i Colombia. No er ho komen heim og ho har teke djupdykk i den heilt nære soga, gjennom Velledalen Sogelag.


Med dette inviterer vi til ei spennande reise i ord og bilet, fjern og nært - i tid og rom. Alt dette og meir til ber sykkylvingane med seg, for vi lever i eit verdssamfunn i miniatyr.

Velkommen til Årbok for Sykkylven!

Eldar Høidal
redaktør



Sogenemnda la mai-møtet sitt til Sunnmøre Museum og Lånestova frå Vik. Her orienterte museumsdirektør Tor Erik Standal om planane for vøling av Vik-stova. Sogenemnda gav nyleg museet 5000 kr som ei hjelpe i dette arbeidet. Frå venstre Tor Erik Standal, Paul Davik, Petter Hole-Drabløs, Betsy Andreassen, Greta Remø Klokk, Eldrid Suorza, Astrid Aure, Bjørn-Inge Aurdal, Stein Arne Fauske og Ragnhild Grebstad Hole. Foto: Eldar Høidal.



Ikkje mange veit at plassen mellom bedehuset og kommunehuset i Sykkylven heiter Nicolai Grevstads plass. Arnold Weiberg-Aurdal fortel om husmannsguten som gav denne plassen namn.

Nicolai Grevstad - eit barndomsminne

av Arnold Weiberg-Aurdal

Nicolai Grevstad

Det er mange barndomsminne som strøymer på når ein kjem til "skjells år og alder". Etter kvart som åra går, merker ein aldringsprosessen med sine karakteristiske symptom: Korttidsminnet blir svekt og minna frå barndoms- og ungdomsåra kjem skarpare til kjenne. Eg har gjennom dei seinare åra freista å feste på papiret minne frå eit langt og skiftande liv, med hovudføremål å bringe røynslene vidare til dei nærmeste etterkomarane mine. Dette gjeld ikkje minst opplysningar som er knytt til forfedrane og til slektsgarden. Men det er også ein del hendingar og minne som kan ha meir ålmenn interesse, særleg då for sambygdningar og andre historieinteresserte.


Ei hending som har festa seg i minnet mitt, er då sykkylvingen og norskamerikanaren, Nicolai Grevstad, vitja heimbygda Sykkylven i 1935. Namnet hans burde vere kjent, i alle fall av den eldre generasjon i bygda vår. Han har fått ein brei plass i boka "Utvandrarane frå Sykkylven", som Martin Gjævenes har ført i pennen, og i Norsk Biografisk Leksikon har også Grevstad fått ein heiderleg omtale. Det er vel også kjent at plassen mellom kommunehuset i Sykkylven og Sykkylven bedehus har fått namnet, Nicolai Grevstads plass.

Kven var så denne mannen?

Eg skal i denne artikkelen freista å kome inn på ein del sider ved denne husmannsguten, som nådde så langt i samfunnslivet både her i landet og i utlandet.

Ein dag eg i mi stortingstid sat i Stortingsrestauranten i samtale med den ikkje ukjende strandaren og journalisten, Per Vassbotn, var vi innom mangt og mykje, og det var ikkje fritt for at vi fleipa til kvarandre om det alltid like aktuelle temaet - venagnaget mellom Stranda og Sykkylven. Orda mine fall om lag slik eit stykke ut i samtalens: "Strandarane framhevar ofte at dei har ein så landskjend journalist i Dagbladet som deg, men veit du at Sykkylven har hatt sjølvaste redaktøren i avis?" Vassbotn svara at dette måtte vere fri dikting, og at det var framandt

4



Nicolai Grevstad slik teiknaren såg han i 1932.

for han. "Ja, dersom du ikkje trur meg, kan du gå ned i Stortingsbiblioteket og leite fram Norsk Biografisk Leksikon, under namnet Nicolai Grevstad, så vil du få sanne orda mine," svara eg. Vassbotn følgde rådet mitt og kom attende med fotostatkopi av sidene i boka der Grevstad var omtalt. Der gjekk det fram at Nicolai Grevstad var redaktør i Dagbladet frå 1880 til 1883, altså i om lag tre år.

Som nemnt vitja Grevstad heimbygda i 1935. Det var Bernt Erstad i Oslo som fekk høve til å overtale han til å ta ein sykkylvstur. Erstad sette seg i kontakt med far min i Ålesund, og Grevstad budde i barndomsheimen min i Øvre Strandgate 2 under sunnmørsopphaldet. Eg minnest han godt. Han var den gong 84 år, og eg har eit klårt inntrykk av korleis han såg ut og det karakteristiske ved hans personlegdom og framtoning. Dessutan har far fortalt meg ein heil del frå sitt møte med Grevstad, og dette har

utvida inntrykket av personen som eg skal omtale.

I god tid før Grevstad kom, underretta far Sykkylven kommune, ved ordførar Johan Eidem om besøket, og dei vart samde om at far skulle køre Grevstad innover til Sykkylven. Eg var med på denne bilturen.

Då vi på turen med bilferja "Raana" frå Magerholm til Sykkylven nærma oss Aure, var det samla mykje folk på kaia, med ordførar Eidem, lensmann Strømme og klokkar Frøysa i spissen. Grevstad spurde far kvifor dei flagga alle stader. Far svara: "Dei flaggar for Sykkylvens største son!" Då vart Grevstad synleg gripen, og han stod ei stund heilt taus. Ein del av Grevstad sine gamle barndoms- og ungdomsvener var samla rundt ordføraren, m.a. Bastian Myhre, Karl Eidem (Truls-Karl) og Peter Amundsen Aure. Grevstad drog ikkje kjensel på alle då "Raana" nærma seg ferjekaia, og far forklarte kven dei var. Grevstad kommenterte venene sine etter kvart som far oppgav namna deira. Då far nemnde Bastian Myhre, stussa Grevstad ein augneblink og sa: "Eg trudde han var større". Så la han til: "Myhre-Bastian hadde ei søster, Marie, som var så vakker. Hadde hun blitt "made up", hadde hun blitt rene Hollywoodstjerna!" Det var tydeleg at Grevstad i sine yngre år hadde hatt eit godtauge til Marie. Marie vart seinare gift i Pålgarden på Haugset og hadde mange etterkomrarar som ho har sett sitt preg på.

Sykkylven kommune hadde stelt til fest for Grevstad på Fjellseter. Først fekk han vitje barndomsheimen sin på Grebstad, nærmare bestemt det som den tida vart kalla Martastova, kårstova til Tore Ellingsen Grebstad i Ellinggarden. Plassen vart seinare lagt til Pegarden på Grebstad. Julie Villanger, som var fødd og oppvaksen i Pegarden, har fortalt meg at plassen der Grevstad vart fødd låg framfor noverande løe i Pegarden og at det ikkje er synlege teikn etter Martastova og plassen idag. Seinare flytte familien frå Grebstad til Klokkarhaug.

Far kørde Grevstad opp til Fjellseter. Då bilen kom til Velle, stogga han i Karigarden, og Grevstad fekk helse på oldefar min, Andreas B. Velle, som var nokre år eldre enn Grevstad. Det vart eit gildt møte mellom dei to. Dei spørte med kvarandre, og før dei skildest, vart dei samde om at dei skulle leve til dei vart 100 år. Dette gjekk ikkje i oppfylling. Grevstad døydde i 1939, 88 år gammal og Andreas



Nicolai Grevstad fekk brei omtale i Martin Gjævenes si utvandrasoge. Her faksimile fra artikkelen Nicolai Grevstad (1851-1939)

1938, vel 92 år gammal. Under festen på Fjellseter, heldt ordfører Johan Eidem ein tale og hylla Grevstad for den innsatsen han hadde gjort både her i landet og i Amerika. Grevstad fortalte frå barndomen og frå arbeidet sitt fram gjennom tidene, mellom anna om dei politiske kampane i 1880-åra, som førte til innføring av parlamentarismen i landet vårt. Det var tydeleg at Grevstad, som til vanleg kunne verke noko reservert, kom i godlag og i feststemning av den mottakinga heimbygda hadde gitt han. Det var siste gongen han såg heimbygda si.

Grevstad var svært evnerik og skuleflink, ja, langt utover det vanlege. Læraren hans i folkeskulen, Johan Grebstad (Plasse-Johan), sa at Nicolai Grevstad var den flinkaste eleven han hadde hatt, og at han stod i ei særklasse i så måte. Nicolai stod på butikk i Ålesund etter konfirmasjonen. Han gjekk så på Stord seminar og kom inn på Heltbergs studentfabrikk i Kristiania i 1872. Der tok han examen artium med laud (beste karakter) året etter. I studentboka for 1873 står det at han vart rekna for å vere "et av de lyseste hodene" mellom studentane i Kristiania. I 1878 tok han juridisk embeteksamen. Deretter eksamen ved krigsskulen som bestemann. Han kunne alle fag perfekt, og vart ofte nyttta av læraren til å rettleie og forklare skulekameratane sine om særleg vanskelege emne.

Journalisten og redaktören

Grevstad hadde i lengre tid levert avisartiklar, som gjorde han kjend i presseverda for sine kvasse og kvikke formuleringar. Dette gjorde at han vart redaktør i Dagbladet i 1880. Hans redaktörtid varte til 1883, då han måtte gå av som redaktør på grunn av si altfor utprega radikale haldning. Sjølvaste Bjørnstjerne Bjørnson sette seg i brodden for å avsetje han. Bjørnson representerte ein flokk i Venstre som under valkampen stelte seg imot Johan Sverdrup i visse spørsmål. Dei tilkjempa seg makta i Dagbladet. Grevstad var på Sverdrup si side og måtte gå av som redaktør. Dette var vel ein av grunnane til at han utvandra til Amerika i 1883. Der vart han tilsett som medredaktør i bladet "Nordvesten" i St. Paul, Minnesota.

I 1886 bad statsminister Johan Sverdrup telegrafisk Grevstad om å kome heim for å drøfte planane om å ta over redaksjonen av eit eventuelt regjeringsorgan. Me᷑ han

kom ikkje overeins med Sverdrup, som spurde om han hadde vorte høgremann på dei tre åra i Amerika. Etter eit halvt år vende Grevstad tilbake til Amerika og vart knytt til "Minneapolis Journal" og "Minneapolis Daily Tribune". I 1890 brann "Tribune-bygninga", og i lag med andre kjøpte Grevstad eit lite dagblad med Grevstad som hovudredaktør. Demokratane fekk aksjemajoriteten i bladet, og Grevstad, som var republikanar, måtte slutte.

I 1892 overtok han redaksjonen av "Skandinaven" i Chicago. Denne avisene redigerte han i to periodar, først til 1911. Frå Norsk Biografisk Leksikon siterer eg følgjande omtale av Grevstad som pressemann fram til 1911:

Disse år som er de centrale i Grevstads liv, betegner samtidig et viktig kapitel av den norsk-amerikanske presses og i det hele tat det norske Amerikas historie.

Nordmændenes nybygger-tid i Staterne var forbi og med det savn og utrygge kaar. En slekt av velstandsfolk, hvorav mange hadde naadd frem til anseelse og ledende stillinger, ledet utviklingen paa en rekke viktige områder, ikke mindst i Chicago, hvor der på den tid allerede var en norsk befolkning paa ca. 100 000. En avis som

skulde fylde sin plads inden et saadant samfund, maatte i like grad være i pagt med dets tradisjoner som med fremgangslinjen i det, og det var dette Grevstad hadde en intim forstaaelse av. Hans ledelse av "Skandinaven" maa derfor stort set betegnes som mönstergyldig - fremhäves det i en række skildringer av norsk-amerikanske bladforhold. Ved sin uopslitelige arbeidskraft, sine omfattende kundskaper og sin levende interesse for praktisk politikk, saavel som ved sin evne til at sikre seg dygtige medarbeidere, lykkes det Grevstad at komme i ypperlig kontakt med sit publikum og gjøre "Skandinaven" til det mest innflytelsesrike organ i den nord-amerikanske presse."

Grevstad er visstnok den einaste norske journalist som har redigert større aviser både i Noreg og Amerika, og både på norsk og engelsk.

Juristen og politikaren

I åra som redaktør nytta Grevstad også tida til å samle inn fråsegner frå fleire hundre amerikanske dommarar, advokatar og rettslærde om jurysystemet i domstolane, som i desse åra stod på dagsordenen i Noreg. Grevstad var ein avgjort tilhengar av denne ordninga. Heile dette materialet, som vart ordna og lagt til rette av Grevstad, vart våren 1885 sendt til Stortinget som seinare fekk det trykt som dokument i stortingssaka om jurylovene. Desse dokumenta vart mykje brukt under debatten om jurylovene i Stortinget. I tida før han vart redaktør i Dagbladet, var han i ei årrekke tilsett i Justisdepartementet og som fullmekting ved eit



Nicolai Grevstads plass. Plassen som vart kalla opp etter ein av Sykkylven sine store søner, som mellom anna var redaktør i Dagbladet. Foto: Kjetil Tandstad.

par advokatkontor og starta også eiga sakførarforretning. I 1905 vart Grevstad til stor nytte for Noreg ved å halde fram det norske synet i unionsstriden, og i 1906 vart han riddar av St. Olav.

I 1911 vart Grevstad, i ein alder av 60 år, utnemnt til USA sin ambassadør i Uruguay og Paraguay. Grevstad var på den tid den einaste framandfødde som hadde fått ei slik stilling. I Montevideo, hovudstaden i Uruguay, viste han seg å vere ein framifrå diplomat. Under revolusjonen i Paraguay fekk han ros av utanriksdepartementet for fast og taktfull framferd. I 1913 heldt han ein festmiddag for det diplomatiske korps med president Jose Brattley Ordonez i spissen. Bladet "Herald" omtalte festen som ein brilliant affære, utan å nemne at det var ein husmannsgut frå

ein dugande diplomat, syner best det faktum at han heldt fram som minister under den demokratiske president Wilson også, endå det var den førre presidenten, Taft, som hadde utnemnt han.

Grevstad sine anar

Mor til Nicolai var jordmor Bergitte Skjetein frå Melhus i Sør-Trøndelag. Ho var den første jordmora med utdanning i Sykkylven. Ho vart gift i 1853 med Bastian Aure, til vanleg kalla Jordmor-Bastian. Etter kyrkjeboka var far til Nicolai skreddar Carl Nikolai Simensen frå Trondheim. Men tradisjonen vil ha det til at faren var ein kjend embetsmann i Møre og Romsdal. Det har vore ymta om at denne embetsmannen skulle ha vore den landskjende politikar, forfattar og prest, Nils Dahl. Det er likevel grunn til å presisere at dette far/son-forholdet aldri nådde lengre enn til ryktestadiet.

Dahl var prest i Melhus i Sør-Trøndelag, der også Grevstads mor, Bergitte Skjetein var frå. Seinare vart Dahl sokneprest i Nordfjordeid. Han møtte som stortingsrepresentant for Søndre Trondhjems amt i 1845, 1848 og 1851 og vart frå første stund rekna som ein av dei fremste liberale tingmenn. På dei to siste storting vart han difor også odelstingspresident. I eit skrift om Stortinget 1845 heiter det at nest Schweigaard og Sørensen, er denne representant (altså Nils Dahl) Stortingets mest begavede ånd. Han var ein verdsett talar som alltid løfta debatten opp. Det vart sitert eit ord etter A.M. Schweigaard, at det ikkje var andre talarar det var verdt å høyre på enn Jonas Hielm og Nils Dahl. Dersom tradisjonane om Grevstads uskrivne far var tufta på realitetar, hadde han altså mykje godt å likjest på. Son til Nils Dahl var den kjende politikar og jurist, Walter Scott Dahl. Han var stortingsrepresentant og statsråd i 80-åra og aktor i riksretten mot regjeringa Selmer. I 1884 fall domen over statsminister Selmer. Han og heile regjeringa måtte gå, og Johan Sverdrup vart ny regjeringssjef. Domen fråtok Konge og regjering makt, og den avgjeraende makt skulle ligge i Stortinget. Dermed vart grunnlaget lagt for parlamentarismen, som er den styringsforma landet vårt har i dag.

Scott Dahl slo seg ned i Vestnes og dreiv ei allsidig sakførarforretning der. Seinare vart han lagmann. Han vart vald til stortingsrepresentant for Romsdal amt i 1873 og representerte deretter også amtet på Stortinget i 1874-79. Far fortalte etter Nicolai Grevstad at han og Walter Scott Dahl samarbeidde nokså intimt når det galdt innføringa av jurylovene i landet vårt. Far stilte seg ofte spørsmålet: "Skal

tru om dei to, Grevstad og Scott Dahl, visste om rykta som gjekk om deira nære slektskap?" "Derom tier historien", men far meinte at det var grunn til å tru at dei nok hadde kjennskap til det. Men dette er berre spekulasjonar.

Arne Kildal, som kjende Nicolai Grevstad personleg, skriv at denne husmannsguten frå Sykkylven hadde eit drag av adel i sitt vesen. For dei som ikkje kjenner namnet Arne Kildal, kan nemnast at han var ein landskjend presse- og bibliotekmann. Han var presseattaché i USA i 1925-55 og generalsekretær i Nordmanns-Forbundet i 1933.

Til slutt i omtalen av Nicolai Grevstad i boka "Utvandrarane frå Sykkylven" står det: "Grevstad var det beste døme på at ein på same tid kan vere god amerikanar og god nordmann. Ein har kalla han den store brubyggjaren mellom Noreg og Amerika."

I 2001 er det 150 år sidan Nicolai Grevstad vart fødd. Vi vil då minnast han som eit byggjande samfunnsmenneske og verdsborgar.

Kjelder:

Utvandrarane frå Sykkylven

Norsk biografisk leksikon

Bastian Weiberg-Aurdal m.fl



Liv Randi Bjørlykke er lærar, kåsør og sogeskrivar, busett på Stranda. I oppvekståra budde ho på Ikornnes. Liv Randi filosoferer over kva for endringar brua vil føre til i kvar dagslivet for folket på begge sidene av fjorden.

Luftige tankar om Sykkylvsbrua

av Liv Randi Bjørlykke

Luftige tankar

E

inaste bruа over fjorden var regnbogen i gamle dagar.

Historiebøkene fortel ikkje mykje om folk som har vandra på regnbogebruа. Men det står om folk som har gått på vatnet. Det lærte vi om allereie i folkeskulen.

Fjorden er noko vi brukar for å kome oss ut på øyane, sa guten. I dag er fjorden ei pest og ei plage. Ein fjord er ei hindring, heilt til vi får ei bru.

Alt skal gå så brennfort i våre dagar. No har vi fått bruа, og vi klappar i hendene. Å, så lukkelege vi er. Aldri har så mange køyrt rundt fjorden på så kort tid.

Nyare forskning har vist at menneskeborna treng mykje tid når dei skal tenkje djupt. Ofte kan det vere taktisk klokt å svinge innom Straumgjerde på veg rundt fjorden. Slik kan ein få tenkt seg grundig om. Ein kan kutte ned handlelista på vegen, så ein ikkje forkjøper seg, og ein kan kjøle ned hjartepumpa før ein byks i veg og skal utføre eit kjapt frieri.

Bruа kan føre til mange vitlause handlingar. Så når somme framleis kører om Straumgjerde, kan dei ha sine grunnar. Det kan godt vere vitet dei skal lufte.

Tempo er ein av dagens gudar. Tempoet tilber vi, like eins trur vi at lukka ligg gøynt ein plass mellom tusen-kronersetlane. Å drukne i tusenkronarar, finst det noko sælare bad?

Det finst eit ordtak som seier at når ein står på kanten av eit stup, er ikkje eit steg framover noko framsteg.

No står ikkje Sykkylven akkurat på kanten av eit stup. Ein skal ha gode briller som skal oppdage noko slikt. Men det intense tempoet, jaget mot framtida, som ein les om i alle overskrifter, lokkar til nokre fariseiske tankar:

For nyare forskning har vist kor fredfullt dei hadde det på Sørstranda i gamle dagar. Der kunne du sanneleg bli inspirert til å syngе "Fred hviler over land og by".

Og no snakkar vi om den tida då ordet rundkøyring framleis var eit framandord. For 50 år sidan og sånn fanst det nesten ikkje bilar på desse kantar. Einaste firhjulingen som kom etter vegen var drosjen, og han rykte berre ut



Den nye Sykkylvsbruа vert opna 14.10. Kulturminister Ellen Horn klipper snora Foto: Sykkylvsbladet.

gong jordmora hadde eit ørlite ærend rundt fjorden.

"No er vatnet gått", sa kjerringane, og så sa dei ikkje meir på ei lang stund. Nyare forskning har vist at kveldane var så mykje lengre den tida, difor vart det mange fleire fødslar på Sørstranda enn det er i dag.

Folk sat samla på kjøkkenet sitt den tida, utan elektrisk lys. Der sat dei og dubba og døste medan kvelden svartna ute, og etter tur trivla dei seg fram til sengebolet sitt i kammerset og la seg. Og der tok loppene og lusa over. Somme var så skitne at lusa ikkje ville ha dei. Det er bra at folket no skal få seg eit utebad på Jarnesodden, så dei kan få bløytt av seg verste kroppslukta. Det var på tide.

Men det var ikkje rart at folk sveitta og lukta heller. Karane braut jord med handemakt frå morgon til kveld. Karane hadde musklar den tida, dei sprengde alle skjortesaumar. Til slutt var mannofolka så sunne at dei slapp å drikke tran. Og nyare forskning har vist at dei var mykje friskare enn oss når dei døydde.

Og dei forlet denne verda og visste at markene på Jarnes var grøne, og at sola skein over feite kyr. No riv ei gravemaskin opp meir jord frå middags til nons enn ein mann kunne bryte opp over eit langt liv, og ein har ikkje før lagt seg til middags, så er heile landskapet omforma.

Mange har ei ny utsikt frå stoveglaset kvar evige dag. Det må vere ein menneskerett å vite kva ein ser frå stoveglaset når ein vaksnar etter middagskvilda. Sånn viktige spørsmål burde nyare forskning kunne uttale seg om.

Så det ytre landskapet på Sørstranda og på Vik er forandra, men kva med vårt indre landskap: Kan det fylgje med? Som han sa, salige Henrik Ibsen: "Jeg spørger kun, mitt Kald er ei at svare."

Den nye brua gjer noko med oss. At ho ser framover, er det ingen tvil om. Brua vil ha utvikling, og ho inviterer til nye tankar. Ingen rør over fjorden lenger, men at herrane Gjelsten og Røkke kunne kome med snøggbåtane sine og lage race mellom brustolpane, er vel ingen umogleg tanke: Sykkylven Fjord Rally, kunne dei kalle det, eller noko sånt. Namnet skjemmer ingen.

På 17. mai kunne folk springe frå Vik til Ikornnes, kanskje med ei eggesske i munnen, men helst burde dei ha hoppa i sekk. Ordføraren og politikarane ville fått mange stemmer om dei klarte å krysse fjorden i sekk. Det gjeld å sette seg nye mål her i livet. "For livets glade gutter går solen aldri ned", veit vi.

På Ikornnes går iallfall ikkje sola ned med det første, og det har ho aldri gjort. På Sørstranda har folk vore arbeidsame, heilt sidan Babels tårn, i all slags ver. Og nyare forskning har vist at når Aurefolket ikkje opplever det same, så er det noko i genane til dei på Ikornnes. Det ligg i arvestoffet der at ein skal herje på frå morgen til kveld.

I gamle dagar møttest folket på fabrikkane på laurdaga- ne til og med. I våre dagar er det mange i fedrelandet som misforstår og trur dei må jobbe med eit quart på søndagen med, men det straffar seg, berre les i nyare helseforskning om 100 år.

Vi kunne sagt mykje om genane til ikornnesingane. Den som kunne sagt mest, er nok lærarane på skulen. Dei visste mykje om arvestoffet til elevane sine. Fekk dei inn ein elev frå Olagarden, til dømes, visste dei at han ville oppføre seg.

No veit ikkje lærarane noko som helst. Det kjem til å kome ein stim av smårollingar frå den nye arbeidarlandsbyen på Jarnesodden, og kva veit vel skulen om genane deira? Det vil kome ein stim av folk over brua, som vil invadere og inspirere. Nokon må passe på, eller må dei det?

Alt dette nye kan skremme, iallfall kan utviklinga skremme dei som bur på Aure, når dei ser optimistane over fjorden brette opp albogane. Når heile bygda på Ikornnes køyrer i fjerde gear, vil dei smart ta makta i kommunen, sann
mine ord!

Så kanskje burde nyare forskning vise oss at kommunehuset burde flyttast over dammen, og at Sørstranda burde bryte ut av Sykkylven og bli eige fylke?
Von dess!



Harald Akselvoll går på Sykkylven vidaregåande skule, grunnkurs formgivingsfag.

Harald Akselvoll

tanke

*dette arket
vil aldri meir vere kvitt*

Biletkavalkade 2000

Årets som har gått har vore prega av store og små hendingar kring om i bygda, frå bygdefolket gjekk inn i det nye tusenåret fram til opninga av den nye Sykkylvsbraua 14. oktober. Vi har gjort eit utval frå fotoarkivet til Sykkylvsbladet, som syner litt av det som har foregått i Sykkylven siste året.



Big Jump-konkurranse på Fjellseter er blitt ein fast del av Midtnorsk ungdomsfestival - Vinterfestivalen i Sykkylven. Festivalen vart som vanleg avvikla i løpet av vinterferieveka. Foto: Sykkylvsbladet.



Kjøkkenet ved Sykkylven alders- og sjukeheim fekk tildelt arbeidsmiljøprisen i Møre og Romsdal i år. Her ser vi nokre av dei tilsette ved kjøkkenet. Frå venstre kjøkkensjef Paul Tangen, Solfrid Brunstad, Marit Skaar Pedersen, Rune Westnes, Oddlaug Skare og Elisabeth Kalstad. Foto: Sykkylvsbladet.




Jon Bjørnar Furseth er ein av mange lovande idrettstalent i Sykkylven. I februar sikra han seg sølvmedalje i slalåm under NM for juniorar. I april tildelte Sykkylven kommune han Ungdommens idrettspris. Foto: Sykkylvsbladet.



Svært mange møtte fram då Tusenårsbautaen i Kyrkjeparken vart avduka nyttårsaftan. Foto: Sykkylvsbladet.



Tysdag 4. januar kom tusenårbarnet i Sykkylven, Stian Jarl til verda ved Sentralsjukehuset i Møre og Romsdal. Her saman med pappa Bengt Berg og mamma Gro Helen Kaldhussæter. Foto: Sykkylvsbladet.



Laurdag 14. oktober vart Sykkylvsbraua vart opna av kulturminister Ellen Horn. Bygginga av den om lag 800 meter lange braua over Sykkylvsfjorden gjekk langt raskare enn planlagt, og braua vart såleis opna om lag to månader tidlegare enn først planlagt. Foto: Sykkylvsbladet.



Tore Henden var heldig som kom frå det med livet då traktorkrana han sat i velta utfor Sykkylvsbrua i mars. I mai var han tilbake på ulukkesstaden saman med kona Kari, redningsmannen Rune Aspås og dei mange andre som var med på å berge livet hans. Foto: Sykkylvsbladet.



I løpet av hausten starta borna ved skulefritidsordninga ved Jarnes skule opp bedrifa SFO Kattemat. Her ser vi nokre av dei tilsette på bryggekanten på Stave i ferd med å sikre seg råstoff til kattematproduksjonen. (Foto: Sykkylvsbladet)



Lise Gurvin og resten av styret i Sykkylven ungdomsklubb hadde ikkje annan utveg enn å legge ned drifta av ungdomsklubben i juni. Sviktande medlemstal og sviktande økonomi gjorde det ikkje forsvarleg å føre drifta vidare. Foto: Sykkylvsbladet.



Det vart ein fin folkefest for dei om lag 400 tilskodarane som hadde møtt fram for å sjå "Ta sjansen" i friluftsbassenget på Straumsheim første helga i juli. Foto: Sykkylvsbladet.




Sykkylven bondelag inviterte til Open gard hjå Mette og Bastian Weiberg-Aurdal i august. Skysskar Jan Ove Skogvold hadde ikkje problem med å fylle opp hestevogna med ungar som ville vere med ein tur rundt på Karigarden på Velle. Foto: Sykkylvsbladet.



Det var fint ver og yrande liv då Sykkylvdagane gjekk av stabelen i midten av mai. Arrangementet er blitt ein årleg folkefest i Aure sentrum. Foto: Sykkylvsbladet.



A-laget til Sykkylven IL sikra seg KM-gull i 5. divisjon i haust. Fremst ser vi målmann Tommy Berger. Fremste rekke frå venstre: Tom Freddy Utgård, Jørn Nydal, Magnus Løseth, Jan Atle Lekanger, Jan Halvard Holmøy, Kjetil Høydalsvik og Øyvind Utgård. Bak frå venstre: Henning Nydal, Borgar Løseth, Stein Erik Haugen, Arnt Tore Røe, Marius Hopen, Egil Ulvestad og Kjell Dimmen. Foto: Sykkylvsbladet.



Sykylven slektsforum er eit nyskipa lag som vil verke for å fremje interessa for - og kunnskapen om - slektsgransking. Jon Hole er skrivars i laget og han gjev her eit innsyn i det arbeidet som vert utført.

Sykylven slektsforum

av Jon Hole

N

okre interesserte personar hadde ei tid drøfta tanken om eit organisert samarbeid om slektsgransking, då dei kalla inn til orienteringsmøte om dette emnet hausten 1998. Interessa var stor, omkring 30 personar møtte fram. Og det viste seg snart at her var mange ulike behov. Somme var nybyrjarar som trong ei første innføring i emnet. Andre var komne godt i gang, trong kanskje hjelp på spesielle område, eller hadde berre eit ynske om eit forum der ein kunne utveksle tankar og idear. Endeleg var det nokre som var for ekspertar å rekne. Dei hadde arbeidt med slektsgransking i årevis, hadde studert gards- og ættesoger, og brukte data og internett som verkty. Det var såleis personar med svært ulik bakgrunn og kunnskapar som møttest til skipingsmøte på Sykylven Bibliotek i april 1999. Laget, som fekk namnet Sykylven slektsforum, fekk dette styret:

Astrid Søvik, leiar
Olav Myklebust, nestleiar
Leif Erling Løvoll, kasserar
Jon Hole, skrivars.

Det vart vedteke at fast møtedag skulle vere første torsdag i kvar månad, unntake sommarmånadene, til saman om lag ti møte i året. Den vanlege møtestaden har vore Sykylven bibliotek. I tillegg har vi brukt datarommet på ungdomsskulen, når bruk av data har stått på programmet.

Program på møta

Som nemnt finst det medlemer på fleire ulike nivå i laget. Ein har difor bevisst lagt opp program etter dette, slik at dei har vore til nytte for både nybyrjarar og vidarekomne. I stor utstrekning har ein brukt medlemer i laget som instruktørar. Her kan nemnast (i alfabetisk rekjkjefylgje): Sverre Andestad, Per Arne Aursnes, Leif Erling Løvoll, Olav Myklebust, Ove Ramstad, Astrid Søvik. Instruktørar utanfrå: Helge Breivik, Manuel Navarro, Modulf Nupen.

Ein har teke for seg mange store og små tema: Kjelder i slektsgranskinga, bruk av desse kjeldene, orientering om å lage slektshefte, bruk av datamaskin og

12

granskingssystem, internett. I tillegg er det fleire som har fått personleg hjelp med sine spesielle spørsmål i slektsgranskinga.

Viktig på alle møta er det sosiale fellesskapet. Møteforma er uhøgtideleg og lite formell, ved kaffikoppen er historiene mange og morosame. Fleire kan fortelje om ukjende slektningar dei har funne fram til, og mange har knytt venskapsband både innanlands og over landegrensene.

Vegen vidare

Ingen vert ferdig utdanna når det gjeld slektsgransking. Sjølv "ekspertane" våre fortel at dei stadig lærar noko nytt. Vi vil difor halde fram med liknande programpostar som tidlegare, og på ulike nivå. Framleis sit mange av medlemene våre med kunnskapar og innsikt som dei er viljuge til å dele med andre, og personar utanfrå som kan bidra med noko nytt, leiger vi inn. Men spesielt er det grunn til å streke under den personlege hjelpa ein kan få innafor laget, utan kostnad. Av nyare planar kan nemnast samarbeid med bygdesogenemnda om vidare arbeid med gardssoga. Elles kan nemnast innsamling og registrering av biletar, og, ikkje minst, opplysningar om biletar: korleis, kvar, når. Nærknnytt til sjølve slektsgranskinga er opplysningar om hendingar og personar i fortida. Namn og årstal på forfedre er viktig nok, men med hendingar og personskildringar vert slektssoga noko heilt anna.

Vi har så lett for å tenkje at vi skulle så gjerne ha fått opplysningar med dei som levde for 30, 50 eller 100 år sidan. Men dei er borte for alltid. Derimot finst det mange 60-, 70- og 80-åringar som sit med eit hav av tankar og minne om fortida. Om nokre få år er det ein ny generasjon som tregar på at dei ikkje tok vare på det som far, bestefar eller ein annan slektning kunne fortelje. Difor må slikt arbeid vektleggjast. Bruker ein kassettspelar, vert arbeidet svært enkelt, og materialet ekstra verdfullt. I tillegg gjer ein ei god gjerning: Mange gamle sit einsame og med for lite kontakt. Eit besøk med ynske om å få høre om "gamle dagar" lyser opp i kvardagen. Vil du vere med?



Dei siste åra har ein dugnadsgjeng på Riksheim og Erstad arbeidd med å setje i stand det gamle skulehuset på Riksheim til samlingsplass for krinsen. Jens Petter Fylling har vore ein av pådrivarane i dette arbeidet. Her fortel han om skulen slik han ein gong vart brukt og planane for huset når restaureringsprosjektet vert fullført.

Riksheim skule

av Jens Petter Fylling



an var mykje større før, Riksheim skule. I alle fall kunne det verke slik for dei minste som berre fekk oppleve skulen som barn. Der var plass til alle i heile krinsen, store og små. Vi samlast alle saman nokre gongar i året, og langs etter benkeradene fann alle seg ein plass. Det kunne kanskje vere litt trøngt, men det la nok ikkje dei minste merke til. Til juletrefesten var det jamvel plass til eit stort juletre framme i "storsalen", og til slutt vart stolane rydda vekk, slik at der vart plass til å gå rundt treet. Lærar Johan Fausa spelte på trø-orgelet og vi song attåt. For dei som var noko eldre og hadde gått her på skule, var det nok moro å kome tilbake nokre år etter at undervisninga ved Riksheim skule vart avslutta i 1955, og elevane vart flytta til nye-skulen i Straumgjerde. Minna om undervisninga frå ein todelt skule var nok slik at dei fleste ikkje ønska skulen tilbake som undervisningsstad, men han var fin å ha som samlingsstad for folket i krinsen.



17. mai 1925. 1. Jon Sandvik, 2. Lars P. Riksheim, 3. Jon P. Riksheim, 4. Tonny Erstad, 5. Judit Riksheim, 6. Gunvor Hole, 7. Sigmund Hole, 8. Baslaug Sandvik, 9. Nilla Frøysa, 10. Marie Riksheim, 11. Kaspara Erstad, 12. Petrine Vestre, 13. Hildur Vestre, 14. Gudrun Riksheimgjerde, 15. Hans Sandvik, 16. Petter Riksheim, 17. Jon T. Riksheim, 18. Sverre Riksheim, 19. Jenny Sandvik, 20. Petrine Ekornes, 21. Bastian Blindheim, 22. Tonny Riksheimgjerde, 23. Jensine Riksheim, 24. Leif Nakken, 25. Peder Sandvik, 26. Leif Erstad, 27. Knut Erstad, 28. Johanne Riksheim, 29. Laura Riksheim, 30. Margit Riksheim, 31. Lava Erstad, 32. Anna Riksheimgjerde, 33. Sylla Erstad.

Foto: Peder N. Frøysa. Utlånt frå Einar Blindheim.



Etter nedlegginga av skulen vart bygget mykje brukt som grendahus. Han vart nytta til møte, basarar, juletrefestar, sundagsskule og tilstellingar for både unge og eldre. Her kunne ein treffen grannar og slå av ein prat. Folk flest hadde ikkje kjøpt seg fjernsyn ennå, så dei hadde ikkje behov for å sitje heime og følgje med på skjermen. Difor vart sjølv ein basar eit storhende. Folk tok turen ut i mørke haustkeldar, dei gjekk til og med til fots heilt frå Erstad og frå Riksheimgjerde. Dei gjekk i flokk og følgje, utan så mykje som eit veglys som lyste opp grusvegen. Ved gamlebrua, rett ved skulen, heldt nok mødrrene ekstra godt fast i borna medan dei sikta seg inn på bruia med hjelp av lysa frå kjøkkenvindaugen i Pe-garden, og med Riksheimelva buldrande i mørket under dei.

Men det å ta seg ein tur på skulen ein basar-kveld, var ei fin avveksling, også for folk utanfor krinsen. Når det var Redningsselskapet som heldt basar, visste alle at leid på kvelden, ville filmframvisaren kome fram, og filmklipp av snertne redningsskøyter som reid på bølgjene ut på eit frådande storhav vart eit høgdepunkt. Då var det ikkje noko problem for gutar i 10-15-års alderen å hive seg på sykkeln heilt frå Straumgjerde for å få med seg slike godbitar.

Skulen var også samlingsstaden for krinsen 17.mai. Toget gjekk vanlegvis ut til Erstad og tilbake. Vi måtte få hjelp til hornmusikken, krinsen var for liten til å ha eige korps. Etter toget var det leikar for borna, tale for dagen og underhaldning. Til slutt leita alle fram nistekorga si, var det finevær kunne vi gjerne sitje ute i solhellinga fram mot Kalvegjerdet, der kvar familie hadde si faste tue dei sessa seg rundt. Denne 17.mai-feiringa "for seg sjølv" beheldt krinsen fram til midten av 60-åra. 17.mai 1967 møttest folket frå Riksheim krins og folket frå Tandstad krins til felles 17.mai-feiring, ikkje ved Tandstad skule og ikkje ved Riksheim skule, men midt i mellom, i det området der Karsten P. Riksheim no har bygd seg hus. Denne uvanlege samlingsstaden vart nytta berre ein gong, og sidan den tid har vi hatt felles 17.mai-feiring i lag med Tandstad krins med fast tilhaldsstad ved Tandstad skule.

TIDLEGARE BRUK AV SKULEN

I 1889 vart det vedteke ei ny skulelov i Noreg, og frå då av skulle skulen kallast "folkeskule" og vere open for alle, både fattige og rike. Dette førte med seg at det måtte byggjast skulehus, slik at borna fekk undervisningstilbod ein stad dei kunne nå dagleg. I 1890-åra vart det difor stor byggeaktivitet for skulehus også i Sykkylven. Nøyaktig kva år Riksheim skule vart bygd veit vi ikkje, men sidan 14pe-

kontrakta for skuletomta er datert 4. juni 1891, kan vi gå ut i frå at bygget vart reist og tatt i bruk i 1892 eller 1893.


Bygget er utforma på same måte som mange andre skular i denne tidsepoken, både i Sykkylven og elles på Sunnmøre. På Sunnmøre Museum står ein liknande skule frå Stordal, som både vårt prosjekt og dei som restaurerte Brunstad skule nytta til å finne igjen detaljar på m.a. list-verk, detaljar som hadde forsvunne i rivingsarbeidet. Skulane vart truleg lafta utabygds, og kom til Sykkylven klare til oppsetjing.

Riksheim skule dekte gardane Riksheimgjerde, Riksheim og Erstad, og var plassert rett ved sida av bruia over Riksheimelva, slik at elevane i utkanten av krinsen fekk ein skuleveg på inntil 1,5 km. Alt før krigen var det bestemt at det skulle byggast ny skule i Tandstad krins, og at Tandstad og Riksheim krinsar skulle slåast saman når nybygget i Straumgjerde var ferdig. Men det gjekk over 10 år før byggearbeidet med nye Tandstad skule kom i gang, slik at det var først utover i 1950-åra at ein følte at enden på undervisningstida på Riksheim nærma seg. I 1953 vart det sendt protestskriv frå Riksheim krins til Sykkylven skulestyre, der ein bad om at skulekrinsen ikkje vart lagd ned. Bakgrunnen for dette var at ein då hadde heile 33 born under 7 år i krinsen, og at ein var bekymra for den lange skulevegen borna ville få inn til Straumgjerde. Men protestane førte ikkje fram, og i 1955 var det slutt på undervisninga ved Riksheim skule.

NY BRU OVER RIKSHEIMELVA

For den stadig aukande biltrafikken på Sørestranda utover på 1960-talet vart den gamle kvelvingsbruia over Riksheimelva eit større og større problem. Riksheimbruia var smal, og etterfølgd av ein skarp sving og ein smal passasje mellom Riksheim skule og steinmuren mot bakken på baksida av skulebygget. Dette skapte store problem, særskilt for lastebilane på veg til og frå den veksande møbelverksemda på Ekornes og fabrikkane på Jarnes. Tida var inne for å bygge ny bru.

Det var trøngt om plassen ved Riksheim skule og Riksheim bru, og dette gjorde at den nye bruia måtte plasserast på andre sida av skulen. Omlegginga av fylkesvegen ved den nye bruia som vart teken i bruk i 1970, førte til at skulebygget kom inn i vegbana, noko som tvinga fram flytting av skulen. Under anleggsarbeidet med bruia vart skulen også påført store skadar og uthuset ved skulen (WC) vart rive. Dette gjorde det umogeleg å bruke skulen til forsamlingslokale. I 1966 hadde Riksheim krins fått ta over



Jonsokbryllaup 1947. 1. Liv Johanne Fausa, 2. Eldrid Vågnes, 3. Eli Riksheim, 4. Marie Fausa, 5. Lillian Våge, 6. Sigrun Sunde, 7. Jens Bjørn Riksheim, 8. Jostein Lade, 9. Svein Riksheim, 10. Astrid Riksheim, 11. Liv Ludviksen, 12 Inger Jarres, 13. Rolf Riksheim.

Bilde utlånt frå Marie Fausa.

skulebygget vederlagsfritt frå Sykkylven kommune, men i kommunestyrevedtaket la dei til: "Krev vegstellet at huset vert flytta, må dette gjerast utan utlegg for kommunen." Det var difor krinsen som vart sitjande med ansvaret for å fjerne skulen, fristen vart frå kommunen si side sett til 15. juli 1973. Det vart lagd fram planar for flytting av skulen til ei tomt rett ved sida av, men kostnadene til flytting vart for høge og den alternative tomta var for lita. I samanheng med desse planane hadde krinsen også tankar om eit tilbygg til skulen, alternativt eit heilt nytt bygg til erstatning for grendahusfunksjonen som skulen hadde, men planane vart droppa. Tidspunktet for når skulen skulle vere fjerna frå den nye fylkesveg-traseen nærma seg, og dette pressa fram alternativet med riving av skulen. Etter ein tilbodsrunde, der to bod kom inn, fekk Åsmund Welle ta over bygget for kr. 1.060,- mot at det vart fjerna innan fristen som var sett. Planen hans var å nytte tømmeret som hytte på eigen eide dom på Emblem. Tømmeret vart difor midlertidig frakta til Svardalen på Erstad der det vart lødd fint opp og dekt til for å vere klart til hytteprosjektet skulle gjennomførast. Men hytteprosjektet vart utsett, og tømmeret vart liggjande i fred i mange år.

I samband med bygginga av ny bru og tilhøyrande vegar fann Inger Riksheim ei steinalderøks i skråninga ved nyvegen. Øksa hadde blitt avdekt på grunn av arbeid med gravemaskin, og låg lett synleg. Det var ei svært fin steinalderøks, og etter innrapportering vart ho sendt til museet i Bergen (der ho truleg ligg enno).


NYTT GRENDAHUS FOR RIKSHEIM KRINS

Utover i 70- og 80-åra vart det med ujamne mellomrom arbeidd med planane om å skaffe Riksheim krins eit nytt samlingslokale, teikningar av eit nytt bygg vart lagde fram. Det var interesse for eit slikt prosjekt, men det vart for omfattande økonomisk til at folket ville setje i gang arbeidet.

Det som fekk tankane til å gå tilbake til Riksheim skule og som tende ideen om å setje opp igjen den gamle skulebygninga, var nok det fine og vellukka restaureringsarbeidet som i 1980-åra vart utført på Brunstad skule. Etter kvart stod den gamle skulen fram som eit praktbygg i parken ved grendahuset "fram i dala". Brunstad skule og Riksheim skule var av same type og same storleik, så det var ikkje vanskeleg å sjå føre seg eit liknande bygg på Riksheim.

Det måtte bli eit prosjekt der ein både tok vare på den gamle skulebygninga og på same tid fekk nytte denne til eit samlingslokale. Denne ideen dukka fram i tankane til underteikna, vart presentert for nokre kameratar og naboar i romjula 1994, og fall i god smak. Men før vi kunne kalle saman til eit krinsmøte for å ta ei avgjerd i saka, var der ein del punkt vi måtte undersøke. Korleis var tilstanden til tømmeret etter lagring i 22 år, kva ville kostnadene bli, kvar skulle skulen plasserast og var folket framleis interesserte i å skaffe seg eit samlingslokale i krinsen?

Det første som vart gjort var å ta kontakt med Åsmund Welle, som eigde tømmeret. Han var villig til å overlate tømmeret til krinsen, om der var interesse for restaurere-



Storskulen 1951. 1. Jens Bjørn Riksheim, 2. Liv Ludviksen, 3. Eli Riksheim, 4. Walter Scott Dahl, 5. Einar Erstad, 6. Inge Eikemo, 7. Marie Fausa, 8. Ingunn Stølen, 9. Svanhild Riksheim, 10. Sigrun Sunde, 11. Steinar Welle, 12. Lars Erstad, 13. Inger Jarnes, 14. Kåre Eikemo, 15. Johan Fausa. Bilde utlånt fra Marie Fausa.

ringsprosjektet. Tilstanden til tømmeret vart kontrollert. Han var betre enn mange hadde venta, det var nok furu av beste kvalitet som hadde blitt nytta ved tilverkinga 100 år tidlegare. Når det gjaldt det økonomiske grunnlaget for eit restaureringsprosjekt, var vi så heldige at Riksheim krins hadde ståande nokre kroner på ein bankkonto, pengar som frå lang tid tilbake var øyremerka til forsamlingslokale i krinsen. Riksheim og Erstad jentelag hadde og sett av pengar til eit grendahus. Alle desse midlane hadde fått stå i fred og forrente seg i over 20 år. Rentefoten desse åra var gunstig, slik at Sparebanken måtte firedoble innskotet ved utbetaling. Utan desse midlane ville det ikkje vore mogeleg å starte gjenreisingsarbeidet.

Når det gjaldt plassering av skulen, hadde vi fleire alternativ. Krinsen hadde etter vegomlegginga i 1970 kjøpt ei ny tomt, men denne var for lita og for inneklemde mellom bakken og vegen til grushola der Riksheim Sand AS held til. Vi ønskete oss ein ny og opnare plass sentralt i krinsen, der skulen var lett tilgjengelig og godt synleg frå fylkesvegen. Grunneigar Jens Bjørn Riksheim stilte seg positiv til eit makebyte av tomt, og både kommunen og Vegvesenet gav klarsignal til ei plassering på den andre sida av Riksheimelva, rett ved bruhaugen.

Med dette som bakgrunn vart det kalla inn til krinsmøte i mars 1995, der vi ba folket i krinsen om synspunkt. Stemninga var positiv, og det vart bestemt å halde fram med arbeidet for å avklare alle sider av bygjeprosjektet. I juni 1995 var planane klare, og eit krinsmøte gjekk ein-

stemmig inn for å starte arbeidet med gjenreising av skulen. I løpet av dette året vart det arbeidd vidare med planane og tilrettelegginga, slik at alt skulle vere klart til å starte opp det praktiske arbeidet våren 1996.

Det er dei som er busette på gardane Riksheimgjerde, Riksheim og Erstad som i fellesskap eig Riksheim gamle skule, bygninga og tilhøyrande tomt. Gjennom vedtekter og bruksreglar er det bestemt korleis årsmøtet og styret skal ta hand om bygget og syte for at det fungerer som eit felles samlingshus, til nytte for alle som måtte ønske det.

PLANAR

Vår tanke var først og fremst å byggje opp att det gamle skulebygget for å skaffe krinsen eit samlingslokale. Arbeidet måtte utførast slik at resultatet skulle bli eit bygg der ein tok vare på gamal byggeskikk, i tillegg til å gi rom for ei viss "modernisering" slik at det kunne bli eit tenleg byggfor framtida. Vi hadde med andre ord ikkje planar om å konkurrere med veldedalingane i deira grundige restaureringsarbeid på Brunstad skule.

Den opphavlege skulen hadde ikkje kjellar, berre ei etasje som inneholdt gang, samlingslokale og lærarrom (kjøkken). Med ei ny utforming vil ein opne dei innvendige skiljeveggane for å få ein størst mogeleg "storsal", medan kjøkken, toalett og garderobe skal plasserast i kjellaren. Dette fører til eit behov for ei innvendig trapp mellom kjellar og hovudetasje, noko som er løyst ved å auke lengda på skulen med 2,5 m, frå 8,5 m til 11,0 m, slik at vi får fire vindauge på langveggen i motsetning til tre på gamlebygget. Dette tilbygget skal utførast som vanleg reis-verk, men vil frå utsida av bygget ikkje skilje seg ut.

ARBEIDET TEK TIL

Tidleg i mai 1996 starta arbeidet med utgraving av tomta og omlegging av ein privat veg for å få betre plass rundt skulen. Utover sommaren og hausten dette året vart det stor aktivitet på byggeplassen, både kveldar og laurdagar vart nytta, og det var stort sett godt frammøte til dugnadene. Arbeidsoppgåver var grunnarbeid, muring, støype etasje-skilje (betongplate mellom kjellar og hovudetasje), planere rundt murane og transportere tømmeret fram til byggeplassen. Mest mogeleg burde vere klart til vi fekk snikkarhjelp. Torgeir Vikstad var ein sjølvskrivne snikkar til arbeidet med å bygge skulen opp igjen, sidan det var han som hadde stått for mykje av arbeidet med Brunstad skule, og var "ekspert" på denne type arbeid. Den 10. oktober 1996 starta arbeidet med tømmeret, alle delane var godt



Styret for det nye samlingshuset på Riksheim, f.v. Jens Petter Fylling, Petter Harald Sætre med borna Ester og Stig Ove, Inger Ludvigsen og Odd Martin Riksheim. Jostein Hole er også med i styret. Huset er på det nærmeste ferdig utvendig. Inne står det framleis att arbeid før huset kan tene som eit triveleg samlingshus, sommar som vinter.
Foto: Eldar Høidal.

merka, slik at arbeidet gjekk raskt framover. Nokre delar av tømmeret (2-3 stk) var blitt skada under lagringa, slik at der måtte lagast erstatningar/kopiar av dei originale delane. Ein svært god kvalitet på det opprinnelege tømmeret til veggane var nok hovudgrunnen til at lagringa hadde gått så pass bra. Bjelkar mellom hovudetasje og loft, taksperrer og tro vart erstatta med ny material, fordi det gamle enten mangla eller var i for dårlig stand til å bli brukt. Før vi avslutta arbeidet denne hausten, vart takpapp lagd på slik at taket blei tett. Dugnadsgjengen kunne ta ein vel fortent juleferie.

I tida som har gått etter at sjølve tømmeret vart sett opp igjen, har arbeidet gått framover "i rykk og napp", periodar med stor aktivitet, men også lengre pausar i arbeidet innimellom.

Vindauge og dører var ikkje teke hand om under rivinga. Dei originale vindauga hadde eitt lag glas, medan dei nye vindauga, som Sykkylven vidaregåande skule har laga treverket til, har to lag glas, men er elles utforma på om lag same måte som tidlegare. Bordkledninga var heller ikkje komplett og i ein slik stand at ho kunne nyttast. Ny bordkledning i same utforming som tidlegare er innkjøpt. Bygninga er isolert på utsida av tømmeret, under bordkledninga. Skiferen til taket fekk vi frå gamlehuset på Våtmøy, mot at vi plukka han ned før huset vart rive. Resten av skiferen er kjøpt frå Bøen på Brunstad, der han tidlegare hadde lege på gamleløa. Bygninga er no for ein stor del ferdig utvendig, berre arbeid med pussing av murar, setje inn

dører, byggje trapp og noko arbeid med listverket står att. I tillegg må uteområdet planerast og stellast.

1.BYGGETRINN

Fram til skulen er ferdig utvendig, vil vi bruke om lag kr 270.000 til gjenreisingsprosjektet, i tillegg til ein del fri levering av materiell frå bedrifter i krinsen. Dette omfattar kostnader til kjøp av tomt, grunnarbeid, grunnmur, bygningsmateriell og til leige av snikkar. Inntektssida skriv seg i hovudsak frå krinsen sjølv (85%) og har sitt utgangspunkt i form av "gamle kjelder", tilstellingar, gåver frå privatpersonar, tilskot frå firma, lotteri m. m. Dei resterande midlane kjem frå offentlege tilskotsordningar og gåver frå firma og organisasjonar utanfor Riksheim krins. Folket i krinsen har med andre ord gjort ein avgjerande innsats for å føre bygget fram til dit det står i dag, både på den økonomiske sida og ikkje minst i form av dugnadsinnsats. I vår forkava og stressa kvardag kan det vere vanskeleg å prioritere innsats til fellesskapet, men ein kveld på dugnad kan også vere eit triveleg sosialt samver. Framdrifta vidare vil vere avhengig av tilgjengelege midlar til materialkjøp og evt. til leige av snikkar. Sidan vi ikkje ser det som aktuelt å låne pengar til prosjektet, må vi legge opp til ei framdrift som kan medføre at prosjektet vil ta noko tid. Men vi ser oss stort sett ferdige med 1. byggetrinn, som hadde som mål å få Riksheim skule ferdig utvendig. Jobben med å "berge" skulen og skaffe krinsen eit lite grendahus er difor eit godt steg nærmare målet.

Slektstreff

for etterkommarane til Hansine Jensine og Ole Elias Grebstad
frå Pe-garden på Grebstad.




Laurdag 12. august 2000
var etterkommarane til
*Ole Elias Kristiansen
Grebstad (1848 -
1935) og Hansine Jensine
Gundersdatter Brunstad (1854-1925)*, samla
til treff på Velledalen Grendahus.
Målet med slektstreffet var: Viktig å verta kjent
med røtene bakover.

*Karl og Julianne Grebstad samarbeider
i slåttonna. Karl var son til Ole Elias.*

Av Ragnhild Aurdal Fet. (Slektstreff-foto: Skjold Lyshol)





Jon Hole er lokalhistorikar og pensjonert lærar. I denne artikkelen tek han føre seg eit handskrift som viser at hans yrkesbrør i Sykkylven også for snart 200 år sidan var opptekne av livssyns- og samfunnsspørsmål.

Annal for Skolelærere. Første Aargang 1807

av Jon Hole

Etter ein auksjon på Tynes i Sykkylven i 1921, kom det fram ei kasse med gamalt, tilsynelatande verdlaust papir, som ingen ville ha. Ole Strømme, som då var lensmann, undersøkte kassa, og fann eit heftet med tittelen *Annal for Skolelærere 1807*. Boka var sjølv sagt skriven med gotisk handskrift, og til dels vanskeleg å tyde. Siste sida var nokså mykje øydelagd, og uleseleg. Men det viste seg etter kvart at heftet var eit særskilt interessant diskusjonsblad, hadde gått på omgang mellom lærarane i bygda, og med eitt eller fleire innlegg av ni ulike lærarar.

Ei forvitneleg bok

Strømme byrja på arbeidet med å skrive boka over i vanleg skrift, og kom eit stykke på veg. Men han var ein mann med mange jarn i elden, og såg snart at han ikkje ville få tid til å fullføre arbeidet. I 1929 vende han seg difor til prost Roald i Ørsta og bad om hjelp. I juni 1929 har Roald gått gjennom manuskriptet, og skriv til Strømme m.a.: "Det vart mykje arbeid, men eg angrar ikkje på det. Boki er eit fund, og eg fær god bruk for henne". Roald og Strømme skreiv fleire brev til kvarandre der dei drøfta både sjølve boka og forfattarane. Begge var imponerte over at nokre landsens skulelærarar tidleg på 1800-talet hadde skaffa seg så mykje innsikt og kunnskap om vanskelege spørsmål. Særleg har dei lagt merke til Lars Pedersen Strømme og sonen Petter Olaus Strømme. Lensmann Strømme skriv slik til prost Roald: "Kvar Lars Strømme hev fenge sin kunnskap frå veit eg ikkje so visst. Han er fødd på Straume (Strømme) i Sykkylven i Salmundtunet. Fleire ting tykkjer peike i den leid at folk upp gjennom Velledalen - Nysæter hev lese mykje og fylgt godt med i tida 1750 til 1850".

I svarbrevet frå Roald står det m.a.: "Til meir eg ser på annalen, til vissare vert eg um at det er overlag verdfullt stoff som her er funne".

Roald la fram konkrete planar om å få annalen trykt: "Eg hev voge på dette nokre dagar. Hev kome fram til at

tanken er so framifrå at me bør freista å realisera han." Det ser ut til at tanken likevel ikkje vart realisert, utan at ein kan seie sikkert kva som var grunnen. Både Strømme og Roald var svært opptekne på mange område, og når det bar til stykket, har dei kanskje ikkje funne tid til ei så arbeidskrevjande oppgåve. Ein annan grunn kan vere at Roald ikkje har fått tak i originalmanuskriptet på nyt, noko han meinte var naudsynt, dersom det skulle lagast bok. Det som truleg hende med manuskriptet, var at Strømme sende det til den kjende skulemannen dr. Torstein Høverstad, som var redaktør for Norsk Pedagogisk Tidsskrift frå 1917 til 1936. Der vart det trykt i 1933 og 1934. Diverre brann huset til Høverstad ned til grunnen i 1934, og sidan ingen har funne att heftet etter dette, er det grunn til å tru at det strauk med der.

Forfattarane

Som overskrifta seier, var dette ein annal, dvs. ei årbok som har gått på omgang mellom lærarane i bygda. Fleire av dei har skrive under berre med forbokstavar, somme tider berre med ein bokstav. T.d. er det under nokre stykke brukt berre ein S, og dette kan vere Ole Christensen Sorte, Peter Olaus Strømme, Lars Strømme eller Salmund Strømme. Alle desse var lærarar i det aktuelle tidsrommet. Ein må difor ta eit visst atterhald når det gjeld kven som har skrive kva.

I Norsk Pedagogisk Tidsskrift, Årgang 17 (1933), har lensmann Strømme eit innlegg med merknader til annalen. Han reknar med ni forfattarar, og at Peter Olaus Strømme er den som har sett skriften i gang.

L. G. Aure

Eg har ikkje funne nærare opplysningar om denne læraren.

Niels Olsen Hjorthol

Han var frå Lars-garden på Hjortdal, og gifte seg med Laurentze Ingebrigtsdotter i Jørn-garden på Fet og flytte dit.

Han var lærar i nordre delen av bygda, dvs. Vik, Aure, Grebstad, Søvikdalen og Ramstaddalen. Nils synte trott og god moralsk framferd, og fekk godt vitnemål av presten. Han var den yngste av forfattarane i annalen, (f. 1792) og berre 15 -16 år gammal då han skreiv stykke nr. 9.

Amund Jonsen Hole

Amund Jonsen var fødd på Brunstad i 1763, gifte seg med Marte Olsdotter Olesæter, og tok over bruket Haugen på Hole. Han var lagrettemann. Amund døydde på ein tur til Bergen i juli 1810.

Ole Larsen

Kiønnes

Han var fødd i Lars-garden på Tjønes, og gifte seg med Gjertrud Pedersdotter Strømme i 1807. Lærar frå 1798. Prost Baade fann han "saa vel oplyst i de fornødne kundskaber som af en landsby-skoleholder kunde etter omstendighederne udføres at han til denne tjeneste kan eragtes bekvem".



Johan A. Grebstad (Plasse-Johan) vart fødd i 1837 og døydde i 1915. Han var lærar i Sykkylven i mange år. Her er han fotografert på Plassen på Grebstad saman med kona Hansine Oline, f. Tynes, og tenestejenta, Marie Solndal.

Ole Christensen Sorte

Han er nemnd som lærar i Sykkylven i 1802. Det religiøse synet hans har vore prega av rasjonalistisk tenkjemåte: "Vore Gjerninger i Tiden vil vist bestemme vor Lyksalighed i Evigheden".

Lars Pedersen Strømme

Fødd på Straume i 1775, og vart lærar i Sykkylven i 1794. Klokkar i Ørskog og Sykkylven i 1798. Hadde lese mykje og hadde stor kunnskap, m.a. om Ludvig Holbergs bøker. Laga manuskript til fleire lærebøker. Han døydde som ein fattig mann. I rekneskapen for fattigstellet i Ørskog for åra 1790, 1791 og 1792 står det: "Ligeledes findes intet til indtægt taget i disse 3de aar for klokkeren Lars Strømme, der skal

være bleven forarmet, og nu ikkuns kan yde til de Fattige-liigt med de Jordbrugendes Bønder".

Peter Olaus Larssen Strømme

Son til Lars Pedersen Strømme, og truleg den som gjorde opptaket til annalen. Han hadde stor tru på opplysning og kunnskapar, og fekk i stand eit lånebibliotek for almugen på Ørskog. Visitasmelding frå 1819: "Peter Olaus Strømme, 44 år, tjent som Klokker i 21 Aar, er en indsigtfuld Mand som har gjort sig fortjent ved at Anlægge et Læsebibliotek for Almugen".

Salmund Olsen

Strømme

Lærar i Sykkylven fram til 1813 då han gifte seg med Gjertrud Johanna Pedersdotter Tandstad. I nær slekt med Peter Olaus Strømme. Slutta som lærar då han tok over farsgarden.

Amund Olsen

Welle

Gifte seg med Gurine Pedersdotter, og flytte då til Anders-garden på Straumsheim. Då kona døydde, flytte han tilbake til Kari-garden på Velle, og vart kalla Kari-Åmund. Han var ein dugande lærar som hadde lese mykje.

Kva skreiv dei om?

To tema dominerer i alle innlegga: Undervisning, særleg leseopplæringa, og religion.

Dette er ikkje til å undrast over når ein veit kva hovudoppgåva deira var: Å lære elevane å lese, slik at dei sjølve kunne skaffe seg kunnskap om det viktigaste faget, nemleg kristendom. Forfattarane ser ut til å vere godt orienterte om nye tankar i tida, og dei kommenterer innlegga til kvarandre. Spørsmålet om leseopplæringa tek Ole Larsen Kiønnes

holder det Gamle for bedst, uden at prøve det som er nyere og beholde det bedste". I stykke nr. 18 seier L. G. Aure seg samd i at nye metodar må til: "Dette er i No 1 tydelig beviist, at iblandt os er til denne Tid en Maade brugelig at undervise paa, som er meget ufordelagtigt for den som skal lære".

Størst merksemd får likevel filosofiske spørsmål om religion og kristendom. Peter Olaus Strømme skriv om den glede han kjenner over utviklinga dei siste tjue åra. Før kjende han seg som den einaste som kjempa mot fordomar. Overtru og vranglære har minka, kunnskapar og opplysning har vokse fram. "Med ligedan Fornøyelse erfarer jeg at de nuværende Skoleholdere finde Behag i at tænke, at de ere lærerbegjærlige ved alle Lejligheder".

Guds vrede og nåde går att som tema hos fleire av forfattarane. Det vert hevd at somme lærarar innprentar borna otte for Guds vrede, og trur dermed at dei kan skremme dei frå å synde. Andre forkynner at Gud er berre kjærleik, og at det onde som skjer, er ei fylgle av syndaren eigne gjerningar. P. O. Strømme: "See! Her er altsaa disse Læreres Lærdom tvert imod hinanden og Tilhørerne som mærke denne Contrast tror enten ingen af Deelene, eller tror hvad de har troet, da de altfor tydelig merke at Lærerne selv ere uenige".

Mange av forfattarane strekar under den glede dei kjenner over tankebytet med yrkesbrørne sine. P.O. Strømme vonar annalen kan vere "Tidsfordriv naar Skolens Kiedsomhet gjør Eder Livet ubehageligt". Amund Hole: "Med sand Fornøyelse har jeg modtaget disse Blade og seer heraf en Øvelse til Kjærlighet". "Saa snart Annalen kommer i mitt Huus er det som alle mine Sælskaps Brødre sat om mit Bord, og jeg talde med dem alle paa en Tid". Amund Welle: "til yndeligste Fornøyelse". "Derfor vil jeg for min Deel ønske at dette Selskab maatte blive i lang Tid".

Harald Akselvoll

"dei hadde ikkje skreve namnet riktig"


han var unik, sa dei
tinga han gjorde
vil seint bli gløymde

me er privilegerte
som har fått kjent han
og dei heiv på
ei spade jord

men namnet hans
var ikkje stava riktig
på nokon av kransane



Illustrasjon: Elisabeth Hagen, gr.kurs formgivingsfag.



Jostein Drabløs er pensjonert lærar frå Velledalen og her vore trufast bidragsytar til Årboka.

Kasteball under krigen - historia om ein Ford 1937-modell av Jostein Drabløs

B

ilforhandlar Holtan i Oslo importerte i 1938 nokre eitt år gamle Ford-bilar frå Amerika. Far, som den tida dreiv tannlegepraksis i Stabekkhuset i Bærum, kjøpte same sommaren ein av desse bilane på avbetaling. Han var ein lysegrå 5-setar med 60 bestekrefters V8-motor. Fjorten dagar seinare kjøpte fotograf Benkow ein bil av same slaget. Denne bilen var plommeraud. Benkow hadde fotoatelier ein etasje høgare opp. Twillingbilane rigga fint på gardsplassen, tykte vi gutane.

Forden tok oss med på mange gilde turar, sommar som vinter.



Dette er det einaste fotografiene av Forden frå 1937. Det er teke på den nye ferjekaia i Volda sentrum før vi kryssa Voldsfjorden over til Folkestad. Så gjekk turen etter gamlevegen over Strynefjellet, ned Ottadalen, Gudbrandsdalen og heim til Stabekk. Året var 1939. Frå venstre Astrid Drabløs, Bergljot, Jostein og Ragnhild. Foto: Johan Drabløs.

Krig

Så kom 9. april 1940. Om morgonen krinsa tyske fly rett over hustaket før dei skulle lande på Fornebu flyplass. Flya kom i bylgjer, både store Junker 52, fullasta med elitesoldatar, og Heinkel 111 med bomber. Desse flya tok etter kvart opp jakta på kongefamilien og regjeringa. Messerschmitt jagarfly hadde lett spel mot nokre få norske fly av typen Gloster Gladiator.

Stabekkhuset låg slik til at vi vart oppmoda om å eva-

kuere "inn i landet." Forden vart fylt med soveposar, ullteppe, klesbyte og proviant. Like før vi drog, krasja eit fly i grannelaget. Det var fullasta med tyskarar og stupte ned mellom bjørkestammer i hagen til kapellmeister Nilsen på Det Norske Teatret.

Vi drog. Frå Steinshøgda såg vi kolsvart røyk som steig himmelhøgt over Oslofjorden. Seinare fekk vi vite at røyken kom frå slagkryssaren Blücher, som hadde fått banesår ved Oscarsborg.

Den 10. april nådde vi Bergheim i Hallingdal, midtvegs mellom Flå og Nesbyen. Bensinen tok slutt. Der stod vi. Far kom i prat med ein kar som budde i nærleiken. Han heitte Sævre og hadde gard. Kona på garden hadde ein liten landhandel. Dei var foreldre til tre gutter og ei jente. Våningshuset på garden var nytt og stort. Vi fekk disponere andre høgda. Betre kunne vi ikkje få det.

Til fjells

Kamphandlingane nærma seg. Tyskarane kom både nordfrå og sørfrå. Vi budde midt i dalen. No var gode råd dyre. Før vi vaspa i djupsnøen opp fjellsida til ei lita høgfjellsgrind, gøynde vi Forden i eit granholt på garden og dekte han med store grankvistar. Sævre selja på merra. Han køyerde ein lang omveg med eit stort lass på skoddesleden. Minstesystera vår, Ragnhild, var ni år. Ho hadde ein keim av lungebetennelse. Difor fekk ho sitje på lasset, godt nedpakka.

Den vesle fjellgrenda hadde eit knøttlite bedehus. Der fekk vi ta inn. To og to benker vart sett mot kvarandre til seng. Seint kveldane sovna vi til slutt under eit måleri på veggen, der Jesus gjekk på vatnet. Sævre og kona vaspa seg ned bratthenget i myrkna for å stelle husdyra og mjølke kyrne. Dei torde ikkje bruke lys.

Heimtur

Etter nokre døgn var kamphandlingane over i Hallingdal. Sist i april pakka far og eg kvar våre ryggsekker. Vi skulle prøve å kome oss heim att til Stabekk. Mor og systrene vart att. Eg hugsar godt kor nervøs eg var då vi, etter 3-4 kilometers gonge, råka den første tyske patrulen på veg opp dalen. Kapteinen eksaminerte far og smilte med munnen full av gulltenner som glitra i sola. Vi kunne trygt gå vidare, sa han. Vi hadde eit par vanskelege episodar. Elles kom vi til Drammen tredje dagen. Togtrafikken var att i gang. Stabekk stasjon nådde vi den 1. mai. Stabekkhuset stod som før. Like eins tannlegekontoret.

Eit par veker seinare fekk vi melding om at tyskarane hadde funne Forden vår. Dei hadde frakta han til Nesbyen, der ei mengd norske bilar var samla.

Far hadde dårleg tru, hugsar eg. Men han tok toget beinvegs til Nesbyen, for å prøve å berge bilen på ein eller annan måte. På Nesbyen banka han på hos den tyske kommandanten. I startfasen av krigen hadde Hitler gjeve ordre om å få det norske folket på "den rette sida." Kommandanten var samd med far då han heldt fram at det ikkje var naudsynt for Das Dritte Reich å stele privat eigedom i Nor-

eg. Forhandlingane enda med at Forden vart frigjeven på timen. Attpå alt kosta Die Wehrmacht frakta på toget frå Nesbyen til Stabekk. Der vart bilen sett i garasjen, for det var køyreforbod for sivile bilar. Og Forden vår vart berga så langt.

Vi flyttar til Sykkylven

Sommaren 1941 seldefar tannlegepraksisen i Stabekkhuset. Vi slo oss ned i Barbrogarden på Dravlaus, der far hadde vakse opp. Etter søknad til departementet, fekk far innvilga bensin til å køre bilen frå Stabekk til Sykkylven. Etter kontrakten var han pliktig å sende bilskilta tilbake til Oslo. Dermed fekk bilen gå i hi i kjellargarasjen i det nybygde våningshuset på Dravlaus, der han sov til 1944. Lukka var at vår bil ikkje var innregistrert her i fylket. Difor fekk han stå i fred då tyskarane før bygdene rundt og plukka med seg alt dei fann av personbilar. Eg hugsar at skyssbilane, som i mellomkrigsåra frakta turistar mellom Otta, Geiranger og Stryn, stod opprada på Utstillingsplassen ved Nørvøy skole i Ålesund.

Far hadde fått leige kontorlokale med Emma Aure. Ho dreiv Sykkylven Hotell. Hit kom òg folk frå dei indre fjordane som trong tannbehandling. Mellom pasientane var Inga og Peder Linge frå Valldal.

Peder dyrka agurk i drivhus. Elles dreiv han med både frukt og husdyr. Pasient og tannlege prata bil. Peder hadde fått vite om Forden på Dravlaus. Han ville gjerne kjøpe bilen og ta han med til Linge.

Bilhandel

Karane vart samde om prisene. Ei kolmyrk haustnatt i 1944 vart 1937-modellen "smugla" til Aure-kaia, der han vart plassert som dekkslast på ein koksbat som gjekk med brensel til drivhusa på Linge. Ferda gjekk godt. Forden vart landa på ei lita kai på Linge. Med god hjelp fekk Peder bilen opp i løa. Han skrudde av hjula, som han gøynde på naustlemen. Så dekte han bilen med turka hågras.

Jau takk! Ein person hadde snappa opp hendinga. Få dagar etter stansa ein tysk lastebil med ein flokk soldatar i tunet. Dei var rasande og ropte og bar seg, kan Inga Linge fortelje. Soldatane reiv og sleit i låste dører. Dei brølte "Bil eller Peder! (Auto oder Peder)" Han kunne ikkje noko tysk. Difor sende han bod på Elias Linge, som var banksjef på Sylte. Han kunne så mykje tysk at han kunne hjelpe Peder med forhandlingane. Og underret skjedde. Elias og Peder stod no saman med ein tysk offiser som var leiar for aksjonen, og som mislikte heile prosjektet. Han forstod nok at

Tyskland var i ferd med å tape krigen. Sjølv om det var leit, måtte han ta med bilen til Ålesund. Men han ville hjelpe Peder, og han ville syte for at bilen skulle stå parkert der og der midt i byen med lykjelen under matta, bensin på tanken og batteriet på plass. Der kunne Peder "stele" bilen til avtalt tid og køyre Forden til ein gøympelass i ly av nattemyrkret. Offiseren skulle telefonere til Elias Linge når alt var klart. Og offiseren heldt ord.

Aksjon

Peder hadde aldri teke i eit bilratt. Men ein god ven, bilmekanikar Kåre Digernes på Åndalsnes, ville vere med og køyre. Dagen og natta kom. Peder og Kåre sneik seg gjennom myrklagde ålesundsgater. Bilen stod parkert som avtalt. Han starta som ei klokke. Kåre køyrde innover Borgundvegen med Peder som passasjer, forbi tyske forlegningar, over Vegsundbrua og vidare utover på sørssida av Sula. Den tida gjekk der ein smal bygdeveg ut til eit lite bruk som låg for seg sjølv. Gardsfolket var Olga og Andreas Båtnes. Andreas hadde ein liten garasje, som såg ut som ei

utløe. Der vart Forden gøymd, godt kamuflert med høy og lauvkjørsv.

Vinteren kom. Tyskarane var fleire gonger på Båtneset. Dei jakta på sabotørar og snusa mang ein gong på "utløa". Det er mest ufattelag at tyskarane ikkje granska nærmare denne gøympestaden. Garasjen stod tett attmed vegen.

Våren kom med fred og jubel. Bilen som Johan Drabløs kjøpte i Oslo i 1938, vart teken av tyskarane to gonger, men overlevde.

Noko seinare vart det ny båttur for bilen heilt inn til Linge. Alt klaffa. Peder tok sertifikat. Familien hadde mange gilde turar med 1937-modellen, etter at bensinrasjoneringa tok slutt. Olga Båtnes, som for lengst var enkje, kunne for eit par år sidan fortelje meg at det strøynde på med fruktasser i fleire år frå Inga og Peder, som takk for hjelpa. Kva som kunne hende dersom tyskarane hadde funne bilen der ute på Båtneset, kan vi berre tenkje oss i ettertid.

I dag er Inga Linge den einaste attlevande av dei impliserte.

Bøker fra Sykkylven Sogenemnd

Jon Hole: Sykkylven. Bygda og folket i farne tider bd. 1. Biletbok	kr 150,-
Jon Hole: Sykkylven. Bygda og folket i farne tider bd. 2. Biletbok	kr 150,-
Jon Hole: Sykkylven. Bygda og folket i farne tider bd. 3. Biletbok	kr 150,-
Gustav Weiberg-Aurdal: Gardssoga bd. 1	kr 290,-
Gustav Weiberg-Aurdal: Gardssoga bd. 2	kr 290,-
Martin Gjævenes: Gardssoga bd. 3	kr 290,-
Martin Gjævenes: Gardssoga bd. 4 (utselt)	kr 130,-
Sverre Andestad: Sykkylven. Nye slekter. Tillegg til bd. 1 og 2	kr 290,-
Sverre Andestad: Sykkylvsslekter gnr. 1-33. 1. hefte	kr 70,-
Sverre Andestad: Sykkylvsslekter gnr. 1-33. 2. hefte	kr 70,-
Trygve Straume: Song og spel i Sykkylven	kr 100,-
Sverre Aurdal: Folkemusikk frå Sykkylven	kr 50,-
Folkemusikk frå Sykkylven - Bernt Høgset, slåttar	kr 50,-
Folkemusikk frå Sykkylven - Blinde-Karl, slåttar	kr 50,-
Trygve Straume: Religiøse folketonar	kr 50,-
Korsongar	kr 50,-
Martin Gjævenes: Utvandrarane frå Sykkylven	kr 50,-
Jon Hole/ Mindor Hjellegjerde: Sykkylven kommune/ Sykkylven kyrkje 1883-1983	kr 100,-
Ole Jostein Fet: I samhald og strid. Dei gamle bondesamvirka i Velledalen	kr 170,-
Jon Hole: Gjennom krig til fridom	kr 60,-
Henrik Straumsheim: Ro stilt langsmed landet. Dikt	kr 200,-
Jan Grebstad, red: Ord og uttrykk i Sykkylven	kr 290,-
Eldar Høidal: Industrisoge for Sykkylven	kr 150,-
Årbok for Sykkylven. 1992 - 1999.	kr 60,-
Årbok for Sykkylven 2000	kr 70,-

Pris pr. årgang

Bøkene er til sals i den lokale bokhandelen.



Astrid Falkum er adjunkt ved Sykkylven vidaregående skule.

Astrid Falkum

En sterk følelse av virkelighet

1.

Han hevder at da han kom ned på stranda og så havet møte himmelen langt der ute, fikk han en pussig følelse av å være en del av et større hele.

Dette tenkte han, hevder han, mens han trakk på seg våtdrakta. Mens han tenkte at han var en del av evigheten, riktig nok en ørliten, uvesentlig del, oppdaget han at våtdrakta var blitt for trang.

Han hevder at den passet dagen før. Egentlig var ingenting spesielt med denne morgenen. Havet møtte himmelen langt der ute. Bølgene listet seg inn på stranda, og lot seg suge ut i havet igjen. Akkurat som bølger pleier.


Dette registrerte han, hevder han, i det han oppdaget at våtdrakta var blitt for trang. Egentlig hadde han tenkt å surf på bølgene langt ut i horisonten.

Han forestilte seg, hevder han, at han skulle finne skjæringspunktet mellom himmel og hav. Der skulle han bli og kjenne seg i ett med det han tenkte var evigheten.

Plutselig ble han intenst rasende, han hevder at han i virkeligheten er en rolig og behersket mann, men nå lot han seg rive med noen minutter.

Han rev av seg den altfor trange våtdrakta og kastet den på havet.

Så snudde han og gikk tilbake....



Illustrasjon: Harald Akselvoll, gr.kurs formgivingsfag.

Oddbjørn Myklebust har vore lærar og rektor. I mange tiår har han samla stoff om dei synske sykkyvingane Olga og Karl Tandstad. I 1989 kom boka om Olga "En sans for mye". I år kjem boka om Olga og Karl med tittelen "Synske hjelparar i hundre år". Dette kapittelet er henta frå boka.

Til hovudstaden - Utdrag frå boka "Synske hjelparar i hundre år" av Oddbjørn Myklebust

slutten av september 1927, reiste Karl og sambygdingen Oluf Vik til Oslo. Formålet med turen var først og fremst å sjå hovudstaden, men Karl var også nyfiken på korleis dei synske evnene ville verke i ein by. I tillegg hadde Oluf Vik gjort sitt beste for å overtale han. Det kunne vere pengar å tene i hovudstaden, meinte han.

Karl hadde sine tvil om han ville trivast i byen, men ville gjere eit forsøk. Dei hamna i hovudstaden og tok inn på St. Olafs Hotel, der dei opna eit lite kontor med Oluf Vik på forværelset. 5. oktober stod denne annonsen i Aftenpostens morgenutgåve.



Den sjette sans

Den synske mand Karl Tandstad bringer klarhet i mange saker. Tyder skjæbnen etc. Bes. Tid. 11 - 1 og 5 - 9. St. Olavs Hotel, vær. 7.


Det var så som så med besøket den første tida, men det auka etter kvart. Det hjelpte godt at A-magasinet og eit par aviser og vekeblad omtalte den trauste sykkyvingen.

Den synske søndmøring Karl Tandstad - En ny vis-Knut

"Karl Tandstad har det øyensynlig meget travelt, selv om betjeningen paa hotellet opplyser at tilstrømningen nu ikke længer er så stor som før. Tandstad er bonde, kledt i hjemmelagede vadmeldsklær, skulderbred og ferm med kraftige arbeidsnæver. Man fæster sig ved det første møde især ved hans ærlige, aapne øine. Den synske mand frå Sykkylven gav et solid og tilforladelig indtryk. En maa-

ialfald faa det indtryk at han var ærlig. Og det er jo en meget viktig og verdifuld egenskap - især for en synsk mand." (A-Magasinet 20.10.1927).

Omtalen, som den synske fekk i aviser og blad, førte snart til fleire klientar og auka inntekter. Den første tida var det mange skilde damer som kom til han for å høyre korleis livet ville bli framover, om dei skulle prøve å få mannen tilbake eller korleis dei skulle te seg for å få ein dei hadde blitt glad i. Enkelte trudde tydelegvis at den synske var ein slags trollmann, som kunne påverke andre sine kjensler for dei. Andre var mest opptekne av å forsikre seg om at ektefellen var trufast eller om han gjekk ut med andre.



Forsida av boka "Synske hjelparar i hundre år".

Ei dame hadde mistanke om at mannen hadde lege med tenestejenta. Svaret var uventa. Du bør passe deg sjølv og det du gjer, for du har ofte lege med tre guitar på ein gong. Dama reiste seg, raud i ansiktet av sinne, og for på dør med orda:

- Ja, det var svarten så vel eg har gjort!

Ein dag kom ein bonde inn på kontoret til Karl og fortalte han hadde mist ein svært dyr hest. Hesten hadde hatt selen på og gjekk tett ved uthuset då bonden måtte inn eit ærend. Han var borte berre ein augneblink, men lenge nok til at hesten hadde sett sitt snitt til å forsvinne. 19 mann hadde leita etter hesten ein heil dag, først heime på garden, seinare også i skogen, men dei kunne ikkje finne hesten. No kjende Karl seg på heimebane - dyr og gard kjende han godt. Han kunne fortelje bonden at hesten stod innestengt i gjødselkjellaren på garden. Mannen skunda seg heim. Like etter ringde han og sa at han hadde funne hesten i



Under Oslo-opphaldet bodde Karl Tandstad på St. Olav Hotel. Huset er i dag Humanismens hus - hovudkvarter for Norsk Humanetisk Forbund. Foto: Anders B. Wilse, 1902. Utlånt av Oslo Bymuseum.

gjødselkjellaren. Hesten hadde gått inn og greidd å rive ned ein staur som heldt døra open, slik at ho small att.

Seint ein kveld, like før Karl skulle til å dra frå Oslo, kom ein mann heseblesande inn. Han dreiv stort i lerbransjen og no ville han vite kvar ein stor lerrull på 150 kilo hadde teke vegen. Han rekna det som sikkert at han var stolen. Etter å ha fundert ei stund, spurde

den synske om det fanst eit hus under reparasjon i nærleiken. Jau, det fanst, eit stykke lenger oppe i gata. Lerhandlaren og Karl Tandstad tok seg inn i huset gjennom eit ope vindauge. Etter å ha leita litt, fann den synske rullen mellom kasser og anna rusk. Rullen var tydeleg merka. Karl Tandstad vart invitert heim til handelsmannen og det vart stor oppdekning. Då han skulle gå, fekk han eit par mansjettknappar i gull og ti kroner.

Om kveldane var det mest ungdom som kom til privatpraksisen på St. Olafs Hotel. Dei ville høre om framtida og vite svar på mykje rart, meir eller mindre seriøst. Nokre kom for å teste den synske, men vart snart gjennomskoda. Ikkje alle sette like stor pris på det dei fekk høre, om det var aldri så rett. Det hende Karl måtte kaste folk på dør.

Familieforhold, i første rekjkje, var brennbart stoff som lett sette sinna i kok. Det enda med at Tandstad nekta å svare på spørsmål om private forhold.

I intervjuet med A-Magasinet uttalte Tandstad at han snart ville reise heim og halde fram med arbeidet som synsk der. Han likte seg rett og slett ikkje som bymenneske. Det var for mykje stå og uro, han fekk problem med å konsentrere seg. Mange menneske i eit ukjent miljø gjorde det ekstra vanskeleg for han å finne fram til den eller dei han skulle konsentrere seg om. Dyrt var det å bu og leve og. Ti veker i hovudstaden var meir enn nok, meinte han.

Opphaldet i Oslo hadde gitt Karl ei kjensle av å misbruке evnene sine. Tidlegare hadde han aldri bede om betaling for det han utretta som synsk. Men skulle han klare hotellrekninga i Oslo, måtte han ta betaling. Det var heller små summar. Prisen var to kroner per spørsmål det vart gitt svar på, men han syntest



likevel ikkje det var rett. Å ta betaling, streid mot hans overtyding om at den synske evna skulle brukast til ueigennytig innsats for medmenneske - utan noka form for godtgjersle.

Når Karl konsentrerte seg om eitt og anna, merka han lite til omverda. Han vart fjern i blikket, nokre gongar såg han ned for seg, andre gongar ut i lufta. Han kunne gløyme å legge ved i omnen. Vinterstid kunne det bli temmeleg kaldt utan at han ensa det. Lovise brukte å titte inn til han for å forsikre seg om at det var fyr i omnane. Før Olga tok til å sjå sjølv, var det ho som hadde denne oppgåva.

Carl Tandstad frå nabogarden minnest frå denne tida at brevbunkane som Lovise eller sonen Jens henta, vart større for kvar dag, opptil 35 brev om dagen i travlaste tida. Det aller meste arbeidet han gjorde som synsk, var gratisarbeid. Det hende Lovise kunne få veksle nokre frimerke som folk hadde lagt inn i brevet som betaling, men som regel fekk han ingen ting. For å spare utgifter til brevpapir, skreiv han ofte svaret nedst på brevet og returnerte det.

Mange gongar var han overgjeven over kva folk kunne få seg til å spørje om. Ein gong viste han meg eit brev frå ei kone i Sogn som hadde mist underkleda sine. Dei var tekne frå snora der dei hang til tørk. Ho trudde det var nabokona som hadde teke dei.

Carl Tandstad var nokre år lærar i Drammen og kom i kontakt med andre vestlendingar, blant anna lærar Lars Stubhaug frå Gloppe. Han spurde om han kjende den synske, sidan dei hadde same etternamn, og då Carl Tandstad fortalte at han kom frå nabogarden, fortalte Stubhaug om faren, som hadde mist gulluret sitt ein gong. Han hadde hørt om Synske-Karl og skreiv til han, fortalte han.

- Ved ein underleg samantreff hadde Karl vist meg og nokre andre gutungar akkurat dette brevet, fortel Carl Tandstad. Han hugsa innhaldet og kva Karl hadde svara. Så bad han om papir og blyant.

Nede ved vatnet ligg det mykje ved. Det er utmark nedover til vantet og naustet. Far din skal hente ved og då han skreva over eit gjerde, datt klokka ut og ned på ei tue. Der finn han klokka, sa eg og teikna det heile opp.

Kollegaen min skjøna, som rimeleg var, ingen ting og tok til å lure på om eg også var synsk, seier Carl Tandstad. Men eg måtte ut med samanhengen til slutt.


28 Han har også ei anna historie: Systera og svogen

min hadde nyleg hatt bryllaup og brått var gifteringen borte. Ole, svogermin, spurde Karl som hadde svaret klart. Lat oss gå opp i kjellaren og sjå i sluket ved grua. Der tenkjer eg vi finn ringen, sa han. Dei løfta på rista over slukten, og der låg ringen og blinka mot dei, fortel Carl Tandstad.

Oppgåvane for ein synsk i bondesamfunnet var elles mangfaldige, går det fram av eit svarbrev som Karl Tandstad sende til pelsdyroppdrettar Gerhard Hatlestad i Norddal i februar 1930:

"Brevet Ditt har eg teke imot og seger Deg stor takk for frimerka. Ser at De har blitt i villrede om enten røvane Dykkar har para enn ikkje. No synes eg at dei i nr. 1 gjerdet hev para tidleg morgonen enten den 22. eller kanskje helst den 23/1. Dei er altsa aa sjaa til para. Dermot tvilar eg paa at dei ikkje hev fått det til der i gjerde 5, men vert ikkje sikker paa dette. Det kan vere at dei hev para kanskje daa det var mørkt om kvelden, men eg veit ikkje aa sjaa det for sikkert. Denne bjølla kan eg ikkje sjaa no daa der er noko snøv. Eg skal faa sjaa etter naar snøven gjeng vekk.

Dykkar vyrdsame Karl J. Tandstad, Straumgjerde."



Svarbrevet som Karl Tandstad sende til pelsdyroppdrettar Gerhard Hatlestad i Norddal i februar 1930.



Ole Jostein Fet er journalist i Sykkylvsbladet. han har i fleire år vore med i redaksjonskomiteen for Årboka.

Klondykestemning i Aureelva

av Ole Jostein Fet

Augustskodda ligg grå og fuktig langt ned i sykkylvsfjella. I Storehølen i Aureelva står to-tre laksefiskarar og prøver lukka. Laksesesongen er på hell. Fiskarane har lagt bak seg eit par månader med uvanelig godt fiske. Ja, det har vore reine Klondykestemninga i år. I den vesle lakseelva er årets laksesesong den beste gjennom tidene.

Det er naturoppleving og spenning som står i fokus når frelse laksefiskarar dag etter dag og veke etter veke tek turen i elva for å prøve fiskelukka. Få av fiskarane tenkjer matauk når dei hengjer makken i hølen. Fisken som nappar, hønsehauken som slår seg ned i ein tretopp like ved, eller hjorten som vassar over elva like ved, gjer fisketurane rike. Om fisken ikkje bit, kan naturopplevingane likevel bli store. Det er vel alt dette som driv dei mange som er blitt råka av fiskedilla.

Ser ein bort frå ein sesong eller to, var laksefisket i Sykkylven heller därleg på 90-talet. I fjor vart det tatt om lag 1600 kg laks og sjøaure i Straumen og resten av Fetvassdraget. I Aureelva var totalfangsten godt og vel 500 kg.

I år vart biletet snudd på hovudet: Fangstane i Straumen vart om lag som i fjor, medan ein i Aurelva opplevde eit eventyrleg fiske. Totalt vart det tatt på land 2741 kg fisk frå elva. Sidan 1966 er det berre 1976-sesongen som kan måle seg med årets resultat, då det vart fiska godt og vel 2400 kg fisk.



Storehølen i Aureelva. Det var her dei største fangstane vart tatt på land i løpet av rekordsesongen. Foto: Ole Jostein Fet.



Sportsfiskarar frå heile Sunnmøre valfarta til Aureelva i år. Ein av dei var Einar Arne Blomvik frå Sula. Foto: Ole Jostein Fet.


Rykta om det gode fisket opningsdagen i år, spreidde seg raskt. Ut over sommaren og ettersommaren valfarta fiskarar frå heile Sunnmøre til Aureelva. Dei beste dagane, når veret var slik at elva voks opp og fisken beit godt, stod fiskarane i kø for å sleppe til i dei beste hølane. På dei beste dagane vart det tatt på land opp mot 200 fiskar.

Dei argaste fiskarane drog på land 60-70 fiskar i løpet av sesongen. Totalt vart det fiska 1272 pjakk, 142 laksar og 18 sjøaurar. Som ein ser vart det fiska eit stort antal laks. Tidlegare er det hovudsakleg pjakk som er blitt fiska. To av laksane var så vidt over 7 kg.

Årets laksefiske står såleis i sterkt kontrast til det fiskarane og grunneigarane opplevde på 80-talet. Det vart slått katastrofealarm då det vart oppdaga at laksen var smitta av parasitten Gyrodactylus salaris. Hausten 1988 vart elva rotenonbehandla - parasittsmitten vart fjerna frå elva.

Laksestammen i Aureelva vart deretter berga gjennom eit systematisk kultiveringsarbeid. I 1990 vart det sett ut 30.000 laksyngel. Ut over 90-talet heldt kultiveringsarbeidet fram med auka styrke - med yngel frå eige klekkeri og genbanken i Haukvik. I 1998 vart det sett ut 135.000 yngel i vassdraget.

I tillegg til kultiveringsarbeidet, meiner primus motor i kultiveringsarbeidet, Petter Johan Kirkebø, at nedlegginga av oppdrettsanlegg i fjorden og forbodet mot kilenotfiske i sjøen, har medverka positivt til framveksten av laksestammen i Aureelva.



Jeg trenger en revolver

Av Jostein Drabløs

J

eg trenger en revolver, for tyskerne har blitt så nærgående, sa prost Rude. 87-åringen Tomas Tandstad fortel om ei bending frå krigsåra som var livsfarleg både for han sjølv og andre.

"Etter kapitulasjonen i 1940 kom nokre soldatar til Sjøholt for å levere inn våpen. Bernt Tandstad, bror min, var lensmann i Ørskog, og han skulle ta imot. Lensmannsdistriktet var Ørskog og Sykkylven. Våpna tok han med til Sykkylven.

Ein dag eg var på Aure, der Bernt budde, spurde han meg om eg kunne gøyme desse våpna med ammunisjonen. Ein kunne aldri vite, kanskje ein fekk bruk for dei seinare. Bernt køyerde våpna inn til Tandstad. Eg laga kasser, pakka sakene inn i salpetersekker og la alt ned i kassene. Karl P. Tandstad, ein annan bror, hadde ein liten trevarefabrikk tett nedom vegen heime på Tandstad. I fabrikken var berre jordgolv. Der grov eg ned alt saman.

Seinare, midt under krigen, spurde Bernt meg om eg kunne få tak i ein revolver og ammunisjon frå dei kassene. Ja, sa eg, det let seg no gjøre utan sørlege problem. Du skjørnar, sa Bernt, prost Rude vil så gjerne ha ein revolver, for tyskarane var blitt så nærgående. Eg ville vite kva tid eg skulle levere våpenet og ammunisjonen til prost Rude. Dette skjedde då midt under krigen, og eigentleg var prosjektet livsfarleg. Dersom eg var komen ut for ein kontroll av tyske soldatar, veit vi no kor det hadde gått.

Eg pakka revolveren og ammunisjonen i ei trøye og surra blyten fast på bagasjeberaren til sykkelen. Så sykla eg i veg frå Tandstad til Aure, der eg banka på døra til sakristiet i kyrkja. Til stades var også Elias Frøysa, klokkaren. Eg bad han gå ut. Då vart han litt løyen, for klokkaren tykte det var rart at han skulle bli utjaga frå sakristiet. Men eg måtte snakke med prosten under fire auge. Der fekk eg levere frå meg revolveren og ammunisjonen. Prost Rude takka og gjentok at han trøng sakene for å kunne forsvare seg.

Tre veker før freden, den 22. april 1945, skulle Ingrid og eg gifte oss. Prost Rude var for lengst avsett av makthavarane. Jøssingprestar var ikkje brukbare i kyrkja. Likevel ringde eg til Rude og spurte om han kunne vie Ingrid og meg den 22. april. Vi skulle gifte oss, sa eg. Fyrst måtte vi til sorenskriveren den 14. april. Etterpå skulle det vere kyrkjeleg vigslle. Jau, det skulle det bli ei råd med, svarte prosten. Han tillyste gudsteneste sjølv om han var avsett.

Alt gjekk som vi hadde tenkt. Etterpå fann eg prost Rude i sakristiet, for å betale for vigslinga. Det var slik den gongen. Nei, sa prosten, du har alt betalt med revolveren som du skaffa meg for eit par år sidan."

Tomas kneggar høglydt når han minnest denne hendinga.



Bryllupsbilete av Ingrid og Tomas Tandstad. Dei gifte seg tre veker før krigen var slutt.



Olav Løkke er ein samlar og kjennar av norsk samtidsfotografi. Han er i dag dagleg leiar ved Telemark Kunstnersenter. Han har også vore dagleg leiar ved Møre og Romsdal Kunstnersenter og har følgt Geir Morten Brungot sidan han slo gjennom som fotokunstnar. Denne artikkelen har tidlegare vore prenta i det danske kunsttidsskriftet Hrymfaxe våren 2000.

Fotokunstneren Geir Morten Brungot

Av Olav Løkke

Det norske landskapet, spesielt Vestlandet, er av de mest gjennomfotograferte og best dokumenterte landskaper i hele verden. Med sine stupbratte fjell, som styrter ned i fjorden og sitt blå lys, er det blitt tolket av tusenvis av kunstnere, fotografer såvel som andre kunstnere.

De fleste som har beskjeftiget seg med landskapet kunstnerisk har kommet utenfra, og følgelig tolket det ut fra en form for eksotisme, en eksotisme som har gjort Vestlandet til et av de store reisemål innen verdensturismen. Når en er født og oppvokst i dette landskapet, får en et ganske annet forhold til det enn den mer eller mindre tilfeldig

Det som for den besøkende er spektakulært blir ordinært, og det som kan synes ordinært for mennesker utenfra, kan for den fastboende synes spektakulært. Eksempler på dette finner vi blant annet hos Lars Hertervik og Nikolai Astrup, eller for den saks skyld Bjørnstjerne Bjørnson.

Fotografi er som kunstform relativt ny i Norge, og er i stor grad et byfenomen. Bare ganske få av dagens fotografer er vokst opp og virker i distrikturene. Dagens fremste tolkere av det norske landskapet har vært Per Berntsen, som er aktiv i Buskerud og Telemark, og Jens Hauge, som nesten uten unntak arbeider med landskapet rundt sitt hjemsted Lærdal i Sogn og Fjordane. Felles for disse er at de i stor grad ikke er så opptatt av det spektakulære og ytre dramatiske, men at de prøver å trenge inn i det "ordinære" land-



Frå Kystslandskap: "Runde 1"

Geir Morten Brungot

Geir Morten Brungot. Fra senen kystlandskap: "Runde I"





skapet for å utforske dets identitet, en identitet som er intimit forbundet med kunstnerens egen.

En av de nye fotografer med denne bakgrunn og innstilling er Geir Brungot. Han er født i 1962, ute på en av de små øyene på sunnmørskysten, men flyttet allerede som barn inn til fjordbygda Sykkylven, en av de viktigste industribygdene i Møre og Romsdal, og et senter for norsk møbelindustri. Som sagt er norsk kunstnerisk fotografi et storby-(les Oslo) fenomen, med et unntak for Bergen, hvor man rundt 1990 fikk den første høyere utdannelse innen fotografi. Og nettopp mangelen på utdanningstilbud har ført til at mange av dagens norske fotografer over 35 år er rekruttert fra f. eks. kameraklubbmiljøer. Så også med Geir Brungot. Sitt første møte med det fotografiske kunstmiljøet fikk han på en workshop i Lofoten i 1985, hvor han deltok på et ukes kurs med Lewis Baltz. Baltz kom til å åpne opp for en ny måte å forholde seg til fotografiet på, og enda viktigere, en ny måte å forholde seg til seg selv på.

Geir Brungot fulgte Lewiz Baltz tett i den knappe uken workshopen varte, og de to fikk et svært godt forhold. Man kan se at bildene herfra er sterkt påvirket av Baltz, men allerede her kan man se noe av det som senere ble Geir Brungots varemerke, den lille detaljen i bildet som forrykker balansen. Og der Baltz er kjølig registrerende, er Brungots bilder mer naive, mer nysgjerrige og mer personlig engasjert. Disse bildene fra Lofoten ble senere supplert med bilder fra Brungots nærdistrikt, og satt sammen til en utstilling med tittelen "Mandscape". Denne utstillinga ble vist flere steder i Norge, blant annet i Preus Fotomuseum i Horten. I 1995 ble bilder fra "Mandscape" satt sammen med samtidige bilder av Lewis Baltz fra hans utstilling "Continous Fire Polar Circle", og ble vist flere steder, blant annet i Fotogalleriet i Oslo, noe som resulterte i innkjøp til Museet for Samtidskunst av to av Brungots fotografier.

I årene etter "Mandscape" arbeidet Brungot med mange nye prosjekter. Prosjektene hadde flere navn, noen forble enkeltbilder, noen serier forble uvist, andre dannet grunnlag for senere utstillinger.

Det skjedde store forandringer i denne tiden. Kort tid etter at bildene til "Mandscape" var ferdig, døde hans datter av hjertefeil, og bildene fikk nå en annen klang. Det religiøse ble utforsket, men forkastet, i alle fall i den form vi vanligvis oppfatter det. Svært mange bilder inneholder religiøse symboler, og også symboler for døden, svært direkte vist med "Anna og Barnet", og et bilde fra en gammel kirkeruin med et alter i den ene enden og en stele i den

34re.

Et bilde av en av hans sønner som står smilende foran en kirkegårdsmur med en blomsterbukett i hendene, er muligens et tegn på at han har forsonet seg med tapet.

Parallelt med disse bildene går han tilbake til sitt barndoms landskap. Serien hadde arbeidstittelen "Heimsavn", og utforsket barndommens rike. Av den naive nysgjerrigheten fra "Mandscape" er bare nysgjerrigheten tilbake. Han dokumenterer på sitt vis sitt barndoms landskap. Ikke bare konkret ved å vise huset hvor han vokste opp, eller stedets bedehus, men også følelsene av en tapt frihet, og en uskyld.

Den neste utstillingen sprang ut av bildene fra denne perioden. Utstillingen ble kalt "Kystlandskap". Utstillingen ble et dokument over det landskapet han er vokst opp i, men sett på en annen måte enn det en betrakter utenfra ville gjort. Der en besökende vil se det storslagne, ser Brungot sitt personlige forhold til landskapet.

Det som først og fremst slår en, er det hverdagslige, det udramatiske, men også her er det elementene av uro og ubalanse som setter sitt preg på bildene. Et eksempel på dette er for eksempel "Molneset Vigra"; et øde, udramatisk kystlandskap med en rekke stokker som tilsynelatende tilfeldig og formålsløst stikker opp av jorden. Et annet eksempel er to bilder av sirkler, det ene fra Runde, det andre fra Ona. Begge steder er blant de mest besøkte og naturskjønne steder på vestlandskysten. Brungot viser oss en naturlaget sirkel av tang og en menneskelaget sirkel av sten, begge i et landskap som på ingen måte utmerker seg med sin storslagenhet.

Brungot har hele tiden arbeidet med landskap som tema. Det er han slett ikke alene om i Norge, men sammen med de før nevnte Jens Hauge og Per Berntsen, er han den som mest standhaftig har fordypet seg i sitt "hjemmelandskap". Påvirkningen fra disse to fotografene er da også merkbar i en del av Brungots bilder, men en enda større påvirkning kan man se av Tom Sandberg. Dette har i de senere bilder gitt seg stort utslag i tematikken, men etter en periode med tilnærmet formalt uttrykk, er bildene igjen dreid over til landskapet og menneskets forhold til det. Også de mer personlige bildene er tatt opp igjen, sist vist på utstillingen i Møre og Romsdal Kunstnersenter i Molde, hvor fire store bilder på 120 cm x 150 cm ble plassert i et rått og mørkt kjellerrom. Bildene handlet om døden og livet, men med en mer moden og avklaret holdning enn vist tidligere. På nytt dukker "Anna og Barnet" opp, men mens bildet i sin første periode virker som en bearbeiding av et tap, blir den nye sammenhengen mer et Memento mori.

Man kan si om Brungots tematikk at den kretser om kli-
sjeer som Havet, Døden og Kjærligheten. Dette er i de fleste
sammenhenger i dag definitivt ikke salongfahig. Men når
alt kommer til alt, er det faktisk det de fleste menneskeliv
dreier seg om. At det i vår ironiske tidsalder er blitt farlig å
snakke om følelser, kan ikke forhindre at det er nettopp

disse temaene som oppter de fleste mennesker. Problemet
er å skille føleriet fra engasjementet og vår subjektive sann-
het. Brungots ærlighet og ustyrlige nysgjerrighet på livets
mange fasetter, vil gjøre at vi i mange år vil kunne få opp-
leve den gjenkjennelsens uro som preger hans bilder.



Frå "Manscape", innkjøpt til Museet for Samtidskunst.



Geir M. Brungot

Født 1962 i Fosnavåg. Bosatt i Sykkylven.

Separatutstillinger bl. a.:

Preus Fotomuseum, Horten, 1991. Naturhuset på Alby, Galleri F-15, Moss, 1991 og 1995. Galleri Barbera, Fylkeskulturhuset i Sunndal, 1994. Møre og Romsdal Kunstsenter, Molde, 1996 og 1999. Sammen

med fotografen Lewis Baltz (USA): Sogn og Fjordane Kunstsenter, Førde, 1995. Fotogalleriet, Oslo, 1996. "Avreise/Departures" prosjekt-samarbeid med Stein Koksvik, bl. a.: Stenersen Museet, Oslo, 1997. Nord-Trøndelag Fylkesgalleri i Namsos, Nord-Norsk Kunstner Sentrum i Svolvær og Røros Museum i Røros, 1997-1998. Vestjysk Kunstforening, Tistrup (Danmark), 1999.

Gruppeutstillinger bl.a.:

Preus Fotomuseum, Horten, 1989. Oslo Rådhus 1990 og 1994. Møre og Romsdal Fylkesgalleri, Volda, 1993.

Representert bl. a.:

Norsk Kulturråd, Norsk Museum for Fotografi, Preus Fotomuseum, Horten. Museet for Samtidskunst, Oslo. Museet for Fotokunst, Brandts Klædefabrik, Odense. Vestjyllands Kunstmuseum, Tistrup.



Elin Riksheim studerer medievitskap i Bergen. Ho er ikkje åleine sykkylvsstudent i byen. Her fortel ho om daglegliv og fellesskap blant sykkylvingar i Vestlandets hovudstad.

-Pengane får vengar å flyge på

av Elin Riksheim

Pengane får vengjer

V

i møter andre sykkylvingar tilfeldig i Bergen nesten kvar dag. Vi møtest på gata, på kafear og i butikkar. Det er nesten som heime.



Demonstrasjon av paraplybruk i Bergen. Frå venstre Liv Marit Sæther, Kristine Abelseth og Cathrine Hovdenakk.

Dette fortel nokre av dei mange sykkylvingane som studerer i Bergen. Eg møter dei ved den blå steinen midt i sentrum. Det er ofte der bergensarane møtest, ein skikk som sjølv sagt også er teken i bruk av studentane i byen.

- Det er sikkert mellom 30 og 40 studentar frå Sykkylven her, meiner sykkylvingane. Etter litt teljing kjem dei fram til litt over 30 som dei hugsar i farta, alle i starten av 20-åra.


- Men det er sikkert fleire som vi ikkje veit om, seier Liv Marit Sæther.

- Vi møtest overalt, spesielt rundt omkring i gatene i byen. Ein møter ofte folk som ein ikkje har snakka med på fleire år.

Studentane er samde om at dei møter på sambygdinigar tilfeldig nesten kvar dag.

- Vi pratar med folk som vi veit er sykkylvingar, men som vi aldri har prata med før. Ein av grunnane til at vi møtest, kan vere at sentrum eigentleg er ganske lite for ein såpass stor by. Det tek ikkje lang tid å gå frå ein kant av byen til ein annan, og det gjer at det blir lettare å treffe folk, hevdar Kristine Stadheim.

- Tolv personar frå klassa mi på vidaregåande studerer i Bergen, fortel Jorid Vårdal. Og då er det kanskje ikkje så rart at dei møter på kvarandre av og til.



Erlend Grønli og Håvard Edvardsen i kantina på universitetet.

Sjarmerande

- Grunnen til at eg reiste til Bergen var at eg ville studere jus, seier Cathrine Hovdenakk.

- Eg kunne også studert i Oslo eller Tromsø, men Oslo er for stor, og Tromsø har altfor mykje snø. Dei fleste er einige om at Oslo er ein litt for stor by å studere i, sjølv om ingen av dei har prøvd å studere der.

- Det verkar som ein litt kjølegare by enn Bergen. Dessutan har vi kanskje meir til felles med bergensarane enn for eksempel folk frå Oslo, sidan vi òg er vestlendingar, legg Kristine Abelseth til.

- I Bergen føler du sjarmen, seier Kristen Hunnes med overtyding.

Anette Talstad og Kristen Hunnes har funne ut at bergensarane ikkje er fullt så arrogante som dei trudde på førehand.

- Folk vil gjerne reise litt lenger vekk enn til dømes Ålesund og Volda. Gjerne til ein by, eller ein litt større plass med fleire moglegheieter. For eit par år sidan var det veldig mange som reiste til Trondheim. No ser det ut som at fleire reiser til Bergen, sidan det allereie er så mange



Kristen Hunnes og Annette Talstad
på veg til dansetrening.
Jorid Vårdal flittig student på
ex phil - forelesning.

i Trondheim. Det er litt kjedeleg dersom det blir for mange sykkylvingar òg, for då blir det akkurat som heime, meiner Kristine Stadheim.

- Det er ein ting som er skikkeleg negativt med Bergen,

seier Kristen, - og det er at det er utruleg dyrt å ta buss. Dei har tydelegvis ikkje hørt om studentrabatt!

I same sko

- Det blir ikkje til at vi planlegg å møte dei andre sykkylvingane så veldig ofte. Eg er mest saman med dei eg har møtt i løpet av hausten, seier Liv Marit.

- Det er ikkje problem å bli kjent med nye folk i det heile tatt, sidan dei aller fleste er innstilt på å bli kjent.

- Ein må prøve å utvide vennekretsen litt når ein kjem til ein ny plass, legg Cathrine til. Sidan Liv Marit og Cathrine er naboor, blir det likevel tid til ein del besøk, særleg dersom ein av dei har laga bollar eller muffins.

Kristine Stadheim innrømmer at ho var litt nervøs den første dagen på skulen, sidan ho ikkje kjende nokon frå før. Ho vart likevel fort kjent med folk, sidan det er små klasser på MI.

- Ho eg kjenner aller best no, begynte eg faktisk å prate med fordi ho hadde same sko som meg den første dagen på skulen, seier ho.

Sushi og bogeskyting

- Studentmiljøet her er svært variert. Ein kan finne noko for ein kvar smak, anten ein likar techno, eller om ein til dømes trivst best på ein roleg pub, seier Liv Marit.

- Det er veldig bra kaféliv her, legg Anette til, og det er veldig intressant å gå på kafé. Sushi er også veldig intressant, men det har eg ikkje våga å prøve enno. Eg held meg til kafibarar. Men eg drikk berre kakao.

Alle ramsar opp det dei likar best å gjøre. Kino, bowling, shopping...

- Vi prøver dessutan å trenere litt, seier Anette og Kristen. Noko som er ganske tydeleg sidan dei spradar rundt i fullt treningsutstyr på veg til dansetrening.

- Pengane får i alle fall vengar å flyge på, seier ei oppgitt Cathrine. Dei andre er einige.



Sissel Brunstad bur i Velledalen og arbeider som journalist i NRK Møre og Romsdal. Ho er kultur- og historieinteressert og styremedlem i det nyskipa Velledalen Sogelag.

Fortida fengjer i Velledalen

av Sissel Brunstad

Fortida fengjer

Nokre sogeinteresserte velledalingar har gått saman i eit sogelag for å ta vare på spora som forfedrene sette etter seg. Sogelagsarbeidet i Velledalen handlar likevel ikkje berre om å fortape seg i fortida. Gjennom å lære lokalsamfunnet si historie å kjenne, vert det utvikla ein sterkare identitet og samkjensle hos dei som lever i samfunnet i dag også. Velledalen Sogelag har gjennom sin korte eksistens gjennomført mange spennande prosjekt, fortel styremedlem i laget, Sissel Brunstad.

-Er det sant at det heiter "Pøtteblå" fordi kvinnfolka brukte innhaldet i pisseyttå når dei farga garn?

-Du veit kje tilfeldigvis kven det var som bygde steingarden fram i Akslegjæra?

-Kva tid slutta dei med røvaglyfse fram i Holemarkja?


-Heiter det "Stølen" ute ved Fitjavatnet fordi det ein gong har vore ein stol der?

Spørsmåla er mange, og svara??? Ja, skal tru...

I Velledalen har det alltid vore stor interesse for det som ein gong var. Einskildpersonar har i mange år drive ei viss form for innsamlingsarbeid i privat regi, men arbeid i organisert form har mangla. Difor vart Velledalen Sogelag skipa for halvtanna år sidan. Laget har no knapt 40 medlemmer - både yngre og eldre. Laget har som målsetjing å drive lokalhistorisk arbeid på mange ulike felt; innsamling og registrering, dokumentasjon, utstillingar, lokalhistoriske vandringar og engasjere medlemmane til sjølve å ta vare på og vidareformidle stoff frå dalen. Sogelaget tek sikte på å vere eit lokalt supplement til den kommunale sogenemnda. Sogenemnda arbeider med lokalhistoria til heile bygda, og kan umogeleg rekkje å fange opp alt som ligg i historia i kvar grond. I dette ligg utfordringa for eit lite, lokalt sogelag.

Velledalen Sogelag arrangerer jamlege sognekveldar, ulike tema vert tekne opp med ein god kaffitår attåt. På møta er det alltid ein eller to godbitar, til dømes gamle lydbandopptak av folk frå dalen som for lengst er borte, smalfilm frå 50-åra, gamle gjenstandar tekstilar og foredrag. Praten i kaffipausen er ofte kjelde til nye og interessante opplysningar om kveldens emne!

38



Dokke i heimegjorde sengklede. Frå utstillinga "Frå kvinnehand".

HISTORISK LIKEVERD

Velledalen Sogelag arbeider ut frå prinsippet om historisk likeverd. Det inneber arbeid både med den nære og den meir fjerne fortida. Men fordi så mykje interessant går tapt etter kvart som dei eldre fell frå, har det vore ei prioritert oppgåve "å berge mest mogleg" no i startfasen. I samarbeid med medlemmene er det sett opp ei liste på nær 150 punkt over tema/emne vi ynskjer meir kunnskap og oversikt over. Det dreier seg om alt frå lags- og organisasjonsarbeid, til bryllaupsskikkar, inskripsjonar på ølbollar, gamalt handverk og eldre høylær i utmarka. Medlemmer og andre vert ikkje bedne om å vere forfatarar som skal



"Frå kvinnehand". Handarbeidsutstilling på Brunstadskulen 17. mai i år.

skrive avhandlingar eller bøker frå såkalla "gamle dagar". "Skriv ein kladd, eit notat. Tenk ikkje så mykje på at formuleringar, ordlegging, grammatikk skal vere perfekt, her er opplysningane viktigast", er bodskapen til dei som sankar stoff. Så både vanleg blyant, penn, datamaskin og kassettopptakarar blir brukt i dette arbeidet.

Målet er også å få oversikt over kva dokument som ligg lagra rundt om på gardane. Det er ikkje lenger sjølv sagt at ein veit kven som har teke vare på ulike protokollar, utskiftingspapir, skifte osb. Dette er dokument som kan vere uerstattelege dersom dei kjem på avvegar. Vi er difor i ferd med å bygge opp eit register over slike dokument. Alle gamle dokument /protokollar vert oppbevarte i brannsikker safe.

SETREPROSJEKTET

Eit eige hefte eller bok om setrane i Velledalen er det mest ambisiøse arbeidet Velledalen Sogelag driv. Dette arbeidet har føregått over fleire år. Mellom andre har Jostein Drabløs lagt ned eit stort arbeid i å intervjuet tidlegare setrejenter/budeier. Han har særleg konsentrert seg om historia til Drabløsstolen, men har også fanga opp mykje kring dei andre setrane i dalen. Siste året har dette arbeidet vorte utvida, slik at kvar gard har samla inn og dokumentert si setrehistorie. Det har skjedd gjennom intervju med setrejenter og andre. Kvar seter/stol har vorte teikna opp - kvart ei sel teikna inn og namngitt. I Velledalen er det 11 setrar

som er omfatta av prosjektet, så dette er eit nitidig og krevjande arbeid. Grunneigarlag i dalen har alle sagt seg positive til å støtte prosjektet økonomisk, og no i vinter er ei eiga boknemnd i arbeid med å redigere og føre i penn det endelige resultatet. Dette vert eit flott lokalhistorisk dokument!

UTSTILLING

Velledalen Sogelag vil gjerne få fram arbeid og innsats som ikkje alltid har vorte like påakta. Difor arrangerte laget ei eiga handarbeidsutstilling på Brunstadskulen 17. mai i år. "Frå kvinnehand" heitte utstillinga. Der presenterte vi fint handarbeid, laga av kvinner som for lengst er gått bort. Dei var alle fødde sist på 1800-talet. Der fekk velledalingane for første gong sjå eit samla tverrsnitt av ulike teknikkar i broderi, vevnad og sying. Nydelege arbeid i engelsk broderi, hardangersaum, plattsauv, nuppereller, smøyg, tryktrosa-sengjer, flathev etc. vart vist fram. Kvart arbeid vart presentert med namn på kunstnaren som hadde laga det. Imponérande kva unge jenter/kvinner kunne trylle fram i travle kvardagar! Mange av kunstverka som vart viste, hadde vorte laga i skjeret frå parafinlampen i seine kveldstimer - etter at setrestell eller hus- og fjøsstell var unnagjort. Eit svært populært innslag i 17.mai-feiringa - mange hundre var innom utstillinga i løpet av dagen. Liknande utstillingar er alt under planlegging ved seinare høve.

Handverk og andre yrke i Velledalen

For å gi lesarane døme på noko av det Velledalen Sogelag har registrert siste året, tek vi med eit utdrag av ei liste over gamle handverk/yrke som ein gong fanst i Velledalen. Vi har også teke med utøvarar - så langt vi veit. Oddrun Drabløs har ført lista i penn, men med fleire bidragsyтарar.

Gråsteinsmurrarar:

Magnus J. Brunstad f. 1825 - brubyggjar "Brunstad-Magnus"
 Severin P. Brunstad - f.1852 Hjellane
 Karolus J. Drabløs f. 1856 Karolesgarden
 Andreas Velle -Djupedalen
 Knut Drabløs (gamle-Knut) f. 1860 - Toregarden
 Elling Frøysa f.1880 - Lars-garden Drotninghaug
 Peder Holmberg f. 1906 - Reiten, Hole

Smedar:

Peder L. Hole (Drabløs), By-Pe - f.1820-åra - Dravlaus
 Ole P. Velle, By-Ole f. ca 1830 - Heggebakk
 Petter O. Velle f.1863 -Heggebakk- Reiten,Velle
 Karl P. Velle f. 1875 - Bastian-garden
 Johan P. Hole f.1872 - Nakken
 Elling Frøysa f.1880 - Lars-garden, Drotninghaug
 Peder Holmberg f.1906 - Reiten, Hole

Skreddarar:

Bodvar J. Drotninghaug f.1789 -Bøda-garden
 Bernt Petter P. Drabløs f.1800,Barbro - Myra,Velle
 Petter O. Hjorthol f.1872 -Plassen
 Susanne P. Velle f.1875 -Brauta
 Ole H. Brudevoll f. 1885 -Brøvollsgjerde
 Johann J. Brunstad f. 1894 -Rabben

Det vart sagt:

"Anj Bøda va denj fyste so byende me skredderi her i bygde-
 ne, å anj Plasse-Petter va denj fyste so byende me fikke på
 raune. O Braute-Susanna va so glupe te å sy brøstduka".

Krustybøtar:

Karolus G. Velle f. 1884 - Jo-garden

Bunadsaumarar:

Emte Drotninghaug f.1841 - Jetmund-Plassen
 Tomasine I. Hjorthol f. 1845 - Lars-garden
 Johanne Severine Lade f.1850 - Jo-garden

Barselhjelp:

Olave E. Drabløs f. 1852 - Barbro-garden

Bakstedeier:

Karoline I. Velle f. 1866 - Reiten
 Susanne P. Velle f. 1875 - Brauta

Setredeier:

Karoline I. Velle f.1866 - Reiten
 Susanne P. Velle f. 1875 - Brauta
 Karen A. Hole f.1879 - Hau-garden
 Anna F. Fet f.1884 - Martines-garden
 Lina M. Fet f.1894 - Martines-garden

Maskin-strikkarar (strikkersker):


Karen A. Hole f.1879 - Hau-garden
 Anna K. Drabløs f.1899 - Karles-garden
 Sina J. Lade f.1904 - Jetmund-garden
 Lovise S. Brunstad f.1908 - Bøen
 Oskar B. Velle f.1911 - Heggebakk

Nokre snikkarar:

Erik O. Kvammen f.1815 - Myra-Velle - trekjerald
 Karolus G. Velle f.1884 - likkister o.a. Jo-garden
 Ole K. Velle f.1867 - hjulmakar Jo-garden
 Petter O. Velle f.1895 - hjulmakar -Jo-garden
 Olav P. Velle f.1918 - hjulmakar -Jo-garden
 Petter Hole Drabløs f.1883 - snikkar og treskjerar - Bøtel
 Ole Johan N. Fet f.1885 -snikkar og treskjerar - Jørn-gar-
 den

Meiersker:

Karoline Fet f.1874 - Nils-garden
 Johanne J. Drabløs f.1880 - Barbro-garden
 Eli Velle f.1883 - Jo-garden
 Berte L. Fet f.1891 - Nils-garden
 Kjellfrid Brudevoll f.1898 - Lars-garden
 Olina Hole f. 1904 - Holen
 Emelie Brunstad f. 1906 - Brua



Veggteppe og dukar var mellom gjenstandane som vart viste fram under utstillinga på Brunstadskulen.

Fleire ord og uttrykk frå Sykkylven

Boka "Ord og uttrykk i Sykkylven", utgjeven av Sykkylven Sogenemnd, er eit interessant og verdfullt oppslagsverk for språk- og kulturinteresserte. Boka inneheld mykje, men meir finst. Slikter er også tema på møta til Velledalen Sogelag. Kvar og ein som veit om fleire lokale ord og uttrykk, bør skrive desse ned etter kvart som ein kjem på dei. Ha gjerne ei viss notisbok til dette bruk. Gunnar Velle, som sit i styret for Sogelaget, har med god hjelp frå broren Harald, til no skrive ned ca. 140 ord og uttrykk som ikkje står i boka. Her eit lite utval:

- aurhøle* - grushole
- avbrøyte* - forandring i kosten
- bokje* - halvturt, samanskrumpa
- ein brend* - vedstykke som har slokna
- dive med* - somle med
- døskje ver* -stilleståande luft, motsett av tærre
- dausne* - stimle saman for å sjå på noko
- å frimæle seg* - å våge seg til å spørje, med ynskje om å få
- ei gøse* - mild luftlomme
- gjinegen* - tilbøyelig, av tysk geneigt
- gnosse* - sutre
- kørje* - band til å halde att grind

- å løre* - gå sjaskete kledd
- långå* - for lengst
- musskjer* - spissmus
- mylefall* - rausande sandbakke
- matehlje* - forvalte og bruke matressursane
- ein nørve* - tverrstykke i dør eller bordplate
- nødden* - rund, kjøtfull
- oversteen* - svært sørntrøytt
- pinnestøkk* - skrin med skomakarutstyr
- å ryle* - skrike ilert (gris)
- rytel* - stor, kraftig kar
- råtott* - del av brødet som ikkje er heva
- skruro* - mutter
- ei snekkje* - fjong, pen ung kvinne
- såñasmak* - usmak av surna fisk, kjøt, flesk
- stridt sett* - for mykje buskap påsett
- tyrme ti' se'* - å ete med ulyst, over tid
- tøyym* - einföldig kar
- å slabbe* - å såle
- seld* - forsenking i terregn
- skeivefærde* - noko med uheldig resultat
- veyren* - lite føre seg, tilbakehalden
- eit visbende* - innfall, påfunn, "ein spansk ein"
- vansved* - som manglar sømn
- vabere seg* - ordne seg, takle ein situasjon
- vallerkast* - rundtkast og hælspark
- yvaksen* - overvakse, lodden
- åmne* - vurdere for og imot

Tydinga av ein del ord og uttrykk kan det vere delte meininger om. Men det er viktig å skrive ned dei ulike variantane og diskutere dei.

Velledalen Sogelag vil gjerne oppmode andre grender/bygdelag om å danne eigne sogelag. Den nære, lokale historia, tradisjonane, kulturen i stort og smått, fortener å bli tatt vare på over heile bygda!



Denne artikkelen tek for seg eit nytt stykke sykkylvshistorie. Databedrifta PC Support er berre tolv år, men gjer seg i dag sterkt gjeldande både i lokalsamfunnet og vidare utover. Historikar Eldar Høidal har samanfatta sentrale trekk i utviklinga til denne bedrifta. Høidal er redaktør av Årboka og leiar i Sykkylven Sogenemnd.

PC Support i 12 år - Med kunnskap som hovudkapital

av Eldar Høidal

Det er framleis mogeleg å etablere ei produksjonsbedrift i Sykkylven med to relativt tome bender, ein god porsjon pågangsmot, forretningssans og fagleg interesse. Det har Ståle Welle, grunnleggaren av databedrifta PC Support vist. Han starta med bygging av datamaskinar i kjellaren heime hos mor og far på Erstad i 1988. I dag er han leiar av ei kompetansebedrift med 30 tilsette.

Forfattaren og urbanisten Erling Fossen frå Oslo var på vitjing i Sykkylven i 1999 for å få fleire argument til landsbygdhetens sin. Då han vart fortalt om PC Support og det ungdomane bak bedrifta har fått til, tagna sjølv den taletrengte bymannen ei stund.

For nokre tiår sidan var det ikkje uvanleg at lokal ungdom starta opp eigne produksjonsbedrifter. Frå kring 1930 til tidleg i 1950-åra var det starta opp over hundre slike verksemder i Sykkylven. Det var særleg innan møbelindustrien etableringane skjedde, men det vokste også fram konfeksjonsbedrifter, metallvareprodusentar og mekanisk verksemd. Dei fleste etableringane etter 1960 skjedde innan service- og handelsnæringa. I tillegg til PC Support var det berre fire produksjonsbedrifter som vart etablert i Sykkylven i 1980-åra; AS Ideas (1981), Møbelskum AS (1987), Metallakkering (1988) og TT Multi (1989). Det var ikkje alle desse tiltaka heller som lukkast i å skaffe seg eit varande liv. Det er ganske andre krav som vert stilt til etablerarar i dag enn tilfellet var for femti år sidan. Mellom anna er startkostnadene mykje høgre innafor dei tradisjonelle produksjonsgreinene, og i dei fleste "mogene" næringar dekkjer produksjonskapasiteten det marknaden kan ta unna og vel så det. Men samfunnet er i endring og nye vekstområde kjem fram - som datanæringa.

Nær kompetanse

Ståle Welle hadde ein likskap med mange av dei tidlegare etablerarane i sykkylvsindustrien: Han hadde eit sterkt



Ståle Welle, som etablerte PC Support, er her i bedrifta sin verkstad i Ullavika. Han fortel at bedrifta ikkje har planar om å flytte verkssemda frå Sykkylven. At ein held til i ein utkant kan vere ein fordel, då vert det større ro til å konsentrere seg om arbeidet, seier han. Elles har internettet langt på veg likna ut dei fysiske avstandane mellom leverandør og kunde. Foto: Eldar Høidal.

ønske om å få til noko og skape ei verksemd. At det vart data karakteriserer han som noko av eit tilfelle. Men slutten av 1980-åra var utan tvil ei gunstig tid for å etablere ei lita bedrift av denne typen.

- Det var ein nedgangskonjunktur i den norske økonomien då. Mange av dei etablerte verksemdene innan databransjen fekk problem. Det er ikkje tvil om at det var lettare for meg som liten å tilpasse meg ein fallande marknad enn for dei store bedriftene å tilpasse seg då store delar av kundegrunnlaget fall vekk.

Sjølv om Ståle Welle ikkje var blant pionerane i databransjen i nasjonal målestokk, hadde han fordelar ved at han kom inn i bransjen på eit tidleg stadium. Lokalt var det nokså lite kompetanse på dette ferske fagfeltet. Det var enkelt å komme fram i tetsjiktet og skaffe seg oversikt over dei satsingsområda som kunne gje grunnlag for vekst. Og

for Ståle Welle og PC Support var forretningsideen frå først av å tilby edb-løysingar som kunne oppgraderast etter som kundane auka sin kompetanse og fekk andre behov enn dei hadde i utgangspunktet. Han etablerte kontakt med delleleverandørar i utlandet og sydde saman maskinar som var både billegare, hadde større kapasitet og var meir fleksible enn maskinane frå dei større merkevareleverandørane.

Endringane i databransjen har heile tida gått med raske steg. I følgje Ståle Welle har han som liten og uavhengig maskinbyggjar hatt ein fordel på dette området også. Dei store bedriftene er mykje tyngre å snu. Han kunne ta inn dei teknologiske nyvinningsane så snart dei kom på marknaden. Bedrifta gjorde fleksibilitet til eit slagord og ho vann fram i ein marknad som etter kvart vart vant til hurtige endringar.

- Det er eigentleg ikkje så komplisert å byggje ein maskin, seier Ståle Welle. Du må berre vite litt om det som skal til for at delane skal fungere saman. Det var likevel få som hadde sett seg inn i teknologien og merkevareleverandørane tok seg svært godt betalt for tjenestene sine - og den tryggheita som dei representerte. Så eg opplevde at det var eit nokså stort rom å boltre seg i.

Ståle Welle hadde ikkje mange lokale konkurrentar dei første åra og han fekk difor etablere kontakt med dei største bedriftene som Hjellegjerde og Brunstad. Amatec var også ein tidleg kunde. Dei to unge grunderane, Lars Einar Riksheim i Amatec og Ståle Welle, fann fort tonen og dei hadde begge ambisjonar om å få fram løysingar på sine fagfelt som skulle halde i ein nasjonal konkurransesituasjon. - Ståle Welle var flink til å lese dei signala som låg i tida. Han var i forkant av marknaden, seier Lars Einar Riksheim og legg til: Vi som driv i andre bransjar har ikkje høve til å halde oss oppdaterte på det siste i datateknologien. Då er det avgjerande å ha kreative støttespelarar som Ståle Welle og staben i PC Support som kan finne nye dataløysingar tilpassa dei ulike fagområda. Hj. Brunstad Fabrikker er blant dei som har hatt ein langvarig kontakt med PC Support. - For Brunstad har det ikkje vore noko alternativ å gå til større leverandørar av PC-ar, seier Helge Langelo, økonomisjef på Brunstad. - Vi er særslig nøgde med at vi har ein datapartner i lokalmiljøet. Dei har forsyt oss med alt det PC-utstyret vi har hatt behov for, i tillegg har dei teknisk personell og kurstilbod som gjer at vi kan nytiggjere oss dei ressursane som ligg i datateknologien. Dette i tillegg til at dei altså held til i nærmiljøet. For oss har det vore ein fordel, seier økonomisjefen på Brunstad.

Sjølvstyrte medarbeidarar

Ståle Welle knytte etter kvart også til seg samarbeidspartnarar internt i PC Support. Den første tida han dreiv åleine var ikkje forretningsmengda større enn at han greidde å kombinere skulegang på BI med maskinbygging. Etter som ordremengda auka måtte han konsentrere seg fullt og heilt om drifta og i 1989 fekk han sin første medarbeidar, Bengt Langlo, som framleis har ein nøkkelposisjon i bedrifta. Året etter flytte PC Support frå Erstad til andre høgda i det som tidlegare heitte Rådgivingssenteret i Kyrkjegata. Då vart også Geir Grimsmo tilsett som medarbeidar. Han tok del i maskinvareproduksjonen, i tillegg til at han fekk tittelen salssjef. Grimsmo hugsar tilbake til hektiske, men inspirerande startår, dels med gode økonomiske resultat. Mange av privatkundane til bedrifta var studentar ved BI og EDB-skulen i Ålesund - miljø som Welle og Grimsmo kjende frå eiga studietid.

Opphaldet i Rådgivingssenteret varte ikkje lenge. I 1992 var dei på plass i større lokale i nabobygget, der Sunnmørsbanken tidlegare heldt til.

Dei tre lokale datapionerane hadde i tillegg til dei tekniske utfordringane, også utfordringar av meir pedagogisk art. Dataspråket var for sykylvingar flest nokså uggjennomtrengeleg den første tida. Med produkta følgde varespesifiksjonar som ein helst skulle ha høgskuleutdanning for å forstå fullt ut. RAM, prosessor, brukargrensesnitt, megabyte, cache standard verka nok ekskluderande og framande for ein del menneske, men vart tekne til vitande av andre som såg dei store brukarfordelane ein datamaskin førte med seg. Mange kunne nok tenke seg gode norske ord i staden for dei engelske faguttrykka som databransjen nytta, men dei tilsette ved PC Suppport bidrog med sine instruksjonar til nye og potensielle kundar til å breie ut kunnskapen om dette viktige hjelpebiddelet som kom til å bli ein sentral del av kvardegraden for mange sykylvingar.

Etter kvart auka også kunnskapane og ambisjonsnivået til brukarane av datautstyret, og dei tilsette i den raskt voksende databedriftena måtte helst ligge eit hestehovud foran dei mest krevjande kundane. Dagane i bedrifta var fylte av arbeid for å handtere den aukande ordremengda. I fritida gjaldt det å halde seg orientert i den omfattande fagliterturen på data-feltet. Det som dominerer papirmengda på pulten til den daglege leiaren er også i dag norske og internasjonale datatidsskrift.

- Det er uråd å halde seg oppdatert på heile det veldige feltet som dataindustrien i dag dekkjer, men ein bør vite



Bengt Langlo var den første medarbeidaren som vart tilsett ved PC Support. Det skjedde i 1989. I dag er det 30 tilsette i firmaet som siste året har konsolidert seg på dette nivået. Målet for åra framover er å auke effektiviteten slik at same tal tilsett kan utføre meir arbeid. Foto: Eldar Høidal.

om heilskapen. Som bedriftsleiar i databransjen er det mi fremste oppgåve å få ulike datafagmiljø til å dra saman, seier Ståle Welle. Han står i spissen for ein arbeidsstokk som hausten 2000 utgjer 30 personar. Han er klar over at det ikkje nyttar å drive desse høgt kvalifiserte medarbeidarane etter gamle arbeidsgjevardygder som kontroll og utøving av personleg autoritet. Langt på veg består bedrifta i dag av sjølvstendig arbeidande einingar med ansvar for kvar sine felt. Ved å gje medarbeidarane ansvar på sine område, meiner Welle at ein har best sjansar til å frigjere engasjement og innsats som på sikt er med å tryggje grunnlaget for verksemda. Den viktigaste kapitalen til bedrifta sit ikkje i veggane, heller ikkje i metallboksane som trillar ut av lokala, men i hovuda til medarbeidarane som har den faglege kompetansen og kunnskapen.

Hausten 1998 etablerte PC Support avdelingskontor i Ørsta og i tillegg arbeider eit par tilsette frå heimekontor i Ålesund. Ei slik desentralisering frå hovudkontoret i Sykkylven sett bedrifta i stand til å knytte til seg kompetanse og ressurspersonar uansett kor slike måtte finnast!

Fjaråret er forhistorie!

Når vi sit med Ståle Welle i eit luftig hjørnerom i bedrifta sine noverande lokale i Ullavika, der dei har vore sidan 1993, er det ikkje først og fremst soge som opptek den framleis unge bedriftsleiaren. Han prioriterer gjerne ein samtale med ein sogeskrivent, men det han helst snakkar om, og det som mykje av det daglege fokuset er retta mot, er det nye forretningskonseptet; drift av nettverk. PC Support

starta som produsent av datamaskinar, mellom anna fordi dei stod i ein gunstig konkurransesituasjon i høve til dei etablerte merkevareprodusentane. No går bedrifta vidare og ønskjer å profilere seg som ein samarbeidspartner for kundene i deira daglege virke. Fortalt med enkle ord handlar det om at PC Support tilbyr seg å gå inn i bedriftene for å tilby komplette pakkar for innstallering og drift av maskinar som heng saman i nettverk. - Det vi no har gjort er å arkivere eller automatisere rutinane som vert nytta ved oppstart og drift av nettverk, operasjonar som tidlegare vart gjorde manuelt. På denne måten oppnår vi stordriftsfordelar som kjem kundane til gode, påpeiker dataleiaren. Ståle Welle seier at dette er eit nytt bein for bedrifta å stå på. Framleis er produksjon og vedlikehald av maskinar og sal av programvare viktige delar av drifta, men for å overleve må ein stadig ha blikket retta mot nye oppgåver, meiner Welle, som trur han har funne eit område med stort vekstpotensiale.

Bengt Langlo, som har vore med i bedrifta sidan 1989, er eit prov på at den omlegginga Ståle Welle snakkar om, allereie er komen godt i gang. Dei første åra sette han saman PC-ar og hadde lenge ansvaret for verkstaden. I dag er det drift og oppfølging av kundane sine datanettverk som fyller arbeidsdagen for Bengt Langlo, som har fått tittelen systemkonsulent. Ei tid kravde denne oppfølginga fysisk nærvær hos kundane, i dag kan dei i stor grad følgjast opp via terminalane til PC Support.

Data har utan tvil gjort arbeidskvarden enklare for alle dei som handsamar store mengder informasjon. Med enkle tastetrykk kan ein hente fram dei opplysningsane ein vil ha, ein kan kommunisere med menneske i fjerne verdsdelar i løpet av få sekund, maskinane kan sørge for styring av trebearbeidande maskinar o.l. Mykje av dette må dei fleste vere samde i er gode ting. Men det hender nok ein gjenomsnitts databrukhar opplever at utviklinga går eit stykke over hovudet på han. Kanskje har ein skaffa ein fin kontorpakke som inneheld program både for handsaming av tekst, for rekneoperasjonar og reknakspsføring, for å lage presentasjonar, adresselister og brevetikettar. Få år seinare er desse programma - som i si tid var banebrytande - å rekne for fossile gjenstandar. Det går ikkje mange år før utstyret ditt vert kalla forhistorisk av forståsegpåarane -og då er forhistorisk ikkje brukt på ein måte som ein arkeolog vil bruke det. Skal ein vere med må ein hive seg på neste pakke og neste og neste... Dei første informasjonane ein lagra er det knapt mogeleg å hente ut lenger. Vi uroar oss

sterkt for morgondagens historikarar som må gå på søpfyllingane og grave i molda etter harddiskar som truleg er forvitra og langt frå bergingsvon. Vi spør oss somtid, kven er det som driv utviklinga stadig vidare? Er det dataindustrien som skal selje nye produkt, leverandørane som skal ha si årlege omsetningsauke, dataekspertane som vil vere uunnverlege?

Ståle Welle trur nok det kan vere eit element av sanning i at dataprodusentane driv fram ei utvikling for å kunne sikre vekst eller i det minste fortsatt eksistens for seg og sine. Det er ein naturleg framdrift i dette som ikkje let seg stogge. Og truleg bør han heller ikkje stoggast. Det brukarane må vere merksame på er kva behov dei har. Dersom behovet berre er eit tekstbehandlingsverktøy, kan ein klare seg med dei tidlegare versjonane av slike program. Dersom ein derimot ønskjer å kombinere ulike media, lyd, bilete, film må ein henge med. Dette med internett og kommunikasjon med andre på nettet gjer også at ein må skaffe seg tilgang til dei nyaste plattformane. - Elles er det jo spela for dei yngre som driv utviklinga mest fram på privatmarknaden, legg Ståle Welle til. - Den unge generasjonen nøyser seg ikkje med enkle reiskap for tekstbehandling. Så det er nok ikkje tvil om at det vil skje store sprang også i den framtidige dataeknologien, i følgje data-leiaren.

Tankekraft og kreativitet

Vi lever i IT-samfunnet, vert det sagt. Ståle Welle, som i 1994 fekk SNU's innsatspris for pionerarbeidet sitt, har vore ein av dei fremste eksponentane for dette samfunnet i vårt nærmiljø. Vi vil vite om han kjenner at han har stor makt, han som meir enn dei fleste andre har kontroll over og innsikt i desse hjelpe midlane som har blitt så uunnverlege for nordmenn flest.


Ei anna gruppe i sogenemnda har fått i oppgåve å vurdere sjanske for å få gjennomført ei registrering og innsamling av historiske biletar i kommunen. Det finst mange verdfulle biletar i private samlingar og i private heimar. Vårtanke er et mest mogeleg av dette bør gjerast tilgjengeleg for ålmenta og framtidige sogeinteresserte. Det hastar med å få registrert mykje av bilettilfanget som finst rundt om. Dei som hugsar og kan tidfeste biletta og gje opplysningar om personar og hendingar, vert det stadig færre av. Sogenemnda vonar å etablere eit samarbeid med pensjonistlaget og andre aktuelle foreiningar når det gjeld den praktiske gjennomføringa av fotoregistreringsarbeidet. Det er også knytt kontakt med FylkesFOTOarkivet i Ålesund.

Ei tredje gruppe førebud ei minneinnsamling. Vi har lyst til å vite korleis det var å vekse opp i Sykkylven i det førre hundreåret. Barndom i Sykkylven er arbeidstittelen på dette prosjektet, som vonleg kan resultere i ei bok om ikkje så svært lenge. I denne samanhengen er vi interessert i å kome i kontakt med sykkylvingar som har lyst til å formidle til

andre andre opplevingar frå eigen barndom. Det kan vere minne frå leik i heimemiljøet, forbodne opplevingar utanfor foreldreaugne, gode og mindre gode opplevingar frå skuletida, kontakt med menneske utanfrå bygda, tilhøvet til vokserverda og røynslene frå konfirmasjonsførebuingane, som markerte slutten på barneåra - og mykje meir.

Eit felt sogenemnda har kjent eit særleg ansvar for, er lagringstilhøva for lokale arkiv. Det har no blitt etablert eit interkommunalt arkiv i fylket som tek vare på kommunale dokument, men enno er det ikkje etablert tilfredsstilande leverings-og lagringsordningar for dei mange lags- og foreningsarkiva og arkiv etter bedrifter og privatpersonar, for berre å nemne nokre sentrale arkivområde.

Sykkylven Sogenemnd har eit skriftleg kjeldearkiv der vi tek vare på materiellet som bygdebokførfattarane samla inn då dei arbeidde med gards- og ættebøkene for Sykkylven. Vi kan tenke oss å utvide arkivet til også å gjelde arkivmateriale til lag, foreiningar, bedrifter og privatpersonar i Sykkylven. Det vil sikre materiellet for etterida og i stor grad lette arbeidet for dei som skal granske i lokalhistoria i åra framover. Har du arkivmateriale som du meiner sogenemnda kan ta vare på - ta kontakt med oss.

Framleis vil arbeidet med gards- og ættebøkene vere eit prioritert område for Sykkylven Sogenemnd. Det må vere det, ikkje minst fordi vi no er i den situasjonen at to av gardssogene er utselde. Det gjeld band nummer tre, Sørestranda, og band nummer fire, Søvikdal og Ramstad-dal. Eit alternativ som har vore vurdert er å trykkje opp att dei gamle bøkene slik dei ligg føre frå forfattarane som avslutta arbeidet sitt for om lag 20 år sidan. Sjølv om dette kan gje ei raskløysing på problemet, kjenner ikkje sogenemnda seg trygg på at det er beste løysinga på noko lengre sikt. Det er trass alt kome mange nye menneske til dei siste tiåra, så ei form for oppdatering av opplysningsane bør vi få til. Tillegg er vi inne i ei tid med raske teknologiske omskifte. Vi trur ikkje at den prenta boka høyrer fortida til, men vi kan ikkje stille oss utanfor den digitaliserte data-kvarden.

Saman med Sykkylven Sleksforum vurderer sogenemnda korleis ein kan gjere gardssogene tilgjengelege i digital form, slik at dei kan lesast på datamaskiner. Kjem dei inn på data, er det lettare å oppdatere bøkene og også få dei ut i bokform når det vert aktuelt. Vi ber brukarane av gardssogene ha noko tolmod med oss. Vi kjem smart på bana med oppdaterte slektslister, førebels får vi nøyne oss med dei bøkene som ligg føre. Det gjeld mellom anna Sverre Andestad si oppdatering av band 1 og 2 som i 1996 låg føre i boka Nye slekter. Andestad har nyleg ført opplysningsane heilt fram til tusenårsskiftet.

Det er også sogenemnda som gjev ut det skrifet du no har mellom hendene. Årbok for Sykkylven har kome ut kvart år sidan 1992. Det vert trykt i eit opplag på 1000 og det relativt høge opplaget går raskt unna i dei siste vekene før jul kvart år. Det tyder på stor lokalhistorisk interesse i Sykkylven. Slike er stimulerande å registrere for oss som arbeider med lokalhistorisk formidling i kommunen.

For Sykkylven Sogenemnd
Eldar Høidal, leiar

Astrid Falkum

En sterk følelse av virkelighet

2.

Da vi sto opp denne morgenen visste vi at dette ville bli en helt vanlig dag.

Da vi sto opp denne morgenen tenkte vi ikke så nøye over at det var akkurat det vi gjorde. Men vi sto opp.

Dette var en vakker morgen. Himmelten sto klar og luftig over oss. Vi tenkte ikke så nøye over det, men det var nettopp slik det var.

For at livet vårt skulle virke så autentisk som mulig, satte vi oss i bilene våre og kjørte til kjøpesenteret. Vi visste ikke at det var slik det var, men slik var det.

Vi satte oss i bilene, og kjørte til kjøpesenteret. Der ble vi ett med strømmen av mennesker. Vi ble en del av en helhet. Selv om vi ikke snakket med noen, ble vi en del av noe større. Et slags fellesskap. Vi tenkte ikke akkurat over det, men slik var det.


Da vi reiste hjem om kvelden, sto en kvinne igjen i mørket. En høy, lys kvinne. Hun sto alene i mørket og sang. Hun sto alene i mørket og sang og rullestolen ved siden av henne var slått sammen og stemmen hennes fløt ut i mørket.

Stemmen hennes fløt ut i mørket. Vi sa det ikke, men vi tenkte at dette var sikkert en fallert sangerinne. Stemmen hennes fløt med oss inn i bilene våre da vi skulle kjøre hjem.

Vi tenkte ikke så mye over det, men slik var det.



Illustrasjon: Stine Kleveberg Tynes, gr.kurs formgivingsfag.




Leiv Drotninghaug var i mange år leiar i UL Sambald i Straumgjerde. Laget sitt bus, Vårvon, var samlingsstaden for ung og gammal i Straumgjerde-krinsen. Her fortel Drotninghaug m.a. om norsk-amerikanarar som var med å finansiere bygginga av ungdomshuset, som stod ferdig i 1912.

Amerika-brev frå 1910

av Leiv Drotninghaug

Amerikabrev

For nokre år sidan bles taket av stabburet på Bendikplassen på Straumsheim. Alt som var inne, måtte vi berge under tak i løa. Våre forfedrer har samla på alt gamalt, og det meste av dette var samla der. I ei av dei gamle kistene stod også eit skrin som viste seg å innehalde gamle brev og kvitteringar for betalt skuld og skatt. Som ein kuriositet kan eg nemne at besten - Lars Pedersen Strømsem - "af Søkkelvens formues og intægtskat for 1903 er ilignet etter antagen indtægt kr 5,61." Dette seier litt om løns- og prisnivået den gongen.



Skogsarbeidrarar i ein Polson Camp i staten Washington, USA om lag 1910. I desse skogane arbeidde også mange sykylvingar. Nummer fire i bakre rekke frå høgre er Peder Straumsheim, morbror til artikkelforfattaren. Nokre av pengane utflytte straumgjerdingar tente på skogsarbeidet vart sende til heimbygda og nyttta til å bygge ungdomshus i krinsen.

På same tid måtte maten vere relativt dyr, for ei rekning frå B.S. Aure på ein 50 kilos sekks med rugmjøl lyder på kr 20,75. Det var ikkje å undrast over at ungdomen i flokk og fylgje reiste til Amerika.

Ein av dei som reiste ut var odelsguten på Bendikplassen, Peder, som i USA tok namnet Peder Stroem. Namnet Strømsheim vart for vanskeleg for det engelske språket. Av det første brevet han sende heim etter overfarten finst berre halvparten, men det er mange opplysningar i

dette skrivet. Han fortel at det var om lag 2000 emigrantar med på båten, og at det var god mat og godt stell under overfarten. Men på kaia i New York vart mange utsorterte og heimattsende. Vidare gjekk turen med tog i fem timer til Hagmam i Washington. Her låg dei mykje omtala "Polson camps". Når han i seinare brev nemner alle kjende som arbeidde der, får ein inntrykk av at dette var kommunen sin største arbeidsplass.

At skogsarbeidet ikkje var nokon latmannsjobb er tyde-



Ungdomshuset Vår von som UL Samhald bygde i 1912. Slik stod huset til det vart påbygd i 1960-åra. Foto: Olav Straumsheim.

leg, for bestefar har bede om at han må skrive finare og meir forståeleg. Han svarer då at etter dagens arbeid er han så trøtt og "gåan" i hendene at dei må ikkje vente det betre. Sundag var det arbeid som måndag.

Ettersom besten hadde bygt ny løe i 1908-09, er det klart at det ikkje var flust med pengar på Bendikplassen. Det er i breva heimanfrå, etter alt å døme, spørsmål om å sende heim meir pengar. Dessutan er det svar på spørsmål om kor mykje han tener. Dette ser ut til å vere noko varierande alt etter kva arbeid dei hadde. Daglönene ser ut til å vere frå 2,25 til 3,50 dollar for ein lang arbeidsdag, sannsynlegvis 10 eller 12 timer. Sending av dollarsetlar var ikkje alltid så lett å etterkome for dei som arbeidde i skogen, langt frå sivilisasjonen, for pengane var i banken i nærmeste by. - Men, skreiv han, så snart eg tek ein bytur, skal eg sende.

Kring 1910 var dei godt i gang med å planleggje bygging av ungdomshus i Straumgjerde. Ungdomslaget Samhald, som vart skipa i 1895, hadde ikkje fast tilhaldsstad, og for å bøte på dette vart det sett i gang pengeinnsamling for eige samlingshus for den frilynde ungdommen i krinsen. Også utflytte straumgjerdingar fekk førespurnad om å vere med på fellesløftet.

I eit brev, datert 6.3.1910, skriv Peder. "Eg ser det er litt rørelse i ungdomen no. Det er morosamt å høyre. Eg ser at dei har tegna seg på 1000 kroner, og ventar 2500 kroner herifrå, og det kan det vel bli når deim begynde å bygge."

I eit udatert brev til broren Karl skriv han: " Du spør etter kor det er med dei pengerne som eg sende til ungdomshuset. Ja, Lars Riksheim tok i hop pengane som vart gjeve til det og sende deim til Tomas Riksem. Han har no fått deim. Eg gav 10 daler den gongen, men det blir tatt i hop ein gong til, og det bliver sendt etter jul. Eg gav 5 daler

til dei fram i dalen ogso."

Etter ei rask utrekning, omgjort til lønsnivået i dag, vert det om lag tre dagløner etter lange, harde arbeidsdager. Dette skulle då tilsvare mellom 3000 og 4000 kroner. Det er truleg at dette var ei standardgåve som dei fleste i lagskrinsen der borte gav - og endå skulle det bli meir.

Eg meiner å ha hørt at totalsummen av Amerikagåva var ca 1200 kroner.

Dette hende for nøyaktig 90 år sidan og det er god grunn til å minnast dette no, når det same huset er under oppussing. I vår velstandstid er det vanskeleg å setje seg inn i den idealistiske offervilje som ungdomen den gongen viste. Eg har gjennom dette prøvd å gje eit bilet av dei tilhøve som rådde då ungdomshuset vart bygd.

Den broren som fekk breva om gåva, er den same som har teikna bilete av dei fire diktarane som finst i ungdomshuset. Han teikna også bilete av Tomas Riksheim, som tok imot dei innsamla pengane, og av Jens Riksheim, ungdomen frå Gyljane, som både skreiv dikt og eit lite skodespel. Dessutan laga og rose måla han rammene til diktarbileta, men årstalet er ukjent. Det eg veit er at han som 13-åring skrøna på seg eitt år for å få gå rose målingskurs med den kjende rose målaren Lars Kinsarvik. Det var ungdomslaget som heldt kurset i Simogarden på Tandstad. Det er difor truleg at dei fire diktarbileta vart laga til innviinga av huset i 1912, for etter at han var konfirmert, tok han til i målarlære i Ålesund. Denne læra innebar i dei tider også teikning og dekorasjonsmåling, slik som dekorasjonane på gesimsen.

Når det gjeld rose målinga på galleriet og talarstolen, skal det vere den same Kinsarvik som har måla det. Kanskje vart han tinga til arbeidet då han heldt kurset i Simogarden?

Hausten 2000 vart bruua over Sykkjølvsfjorden opna. Brua har naturleg nok fått namnet Sykkjølvsbru. Same namnet har ei langt eldre bru, som for fleire tiår sidan var med å markere grensa mellom Hjørundfjord og Ørskog kommunar. Brua ligg ovafor byggjefeltet i Tuskogen. Jostein Kursetgjerde fortel her historia til den opphavelige Sykkjølvsbru.

Sykkjølvsbru -lita bru med lang historie

av Jostein Kursetgjerde

Sykkjølven har stått i bruua sitt teikn dei siste par åra. Bru er eit gammalt og kjent symbol for mange gode sider, både ved menneskelivet og samfunnslivet; samhald, styrke, hjelpe og støtte. Då er det berre å tru at bruua også som bru fører med seg alle desse gode tinga for bygda og alle som bur her.

No har det seg slik at det lenge har vore ei sykkjølvsbru i bygda. Dei siste åra har ho rett nok levd eit temmeleg anonymt liv, utan at så mange har visst om henne lenger. Sykkjølvsbru, som ho no skal heite, vart i si tid bygd over Sykkjølvselva som renn i behageleg krok og sving mellom Hundeidvik og Tusvik. Ho markerte grensa mellom

ylven og Hjørundfjord, heilt frå den tida vi fekk ei administrativ inndeling i landet med Gulatingslova og dei grensene ho sette for leidangen og skipreidene lenge før tusenårsskiftet.

Fram til moderne tid var fjorden ein ferdselsveg, og orda fjord og ferd/fare er opphavelig same ordet og tyder å sette over, krysse. Fjorden knytte altså saman i staden for å skilje, slik han ofte gjer i dag. Så det var berre naturleg at Hundeidvik og Tusvik høyrdde til Hjørundfjord. Fjorden knytte desse bygdene naturleg saman. Gardsnamnet Utgård i Hundeidvik skal visstnok forståast med denne bakgrunnen, som garden lengst ute i fjorden. Frå 1600-talet var Hundeide ein av dei mest brukte stadene for bygdetingenet for Hjørundfjord. Administrativt låg Hundeidvik og



Ein skal vere lokalkjend for å finne fram til Sykkjølvsbruua i dag. Ho er noko attgrodd og ein ny støypekant er med å skjule byggverket som brubyggaren Brunstad-Magnus er meister for. Foto: Kjetil Tandstad .

Tusvik (visstnok også Våtmyr) under Hjørundfjord skipreide. Eit skipreide var ei militær ordning som gjekk ut på at dei forskjellige bygdene skulle reie ut (utstyre) eit langskip til leidangen ("marinen") til kongsmakta. Denne utstyrsplikta gjekk så over til å bli ein rein skatt, betalt i pengar eller naturalia, eller også arbeidsyting etter kvart som lei-dangsordninga gjekk i oppløysing.

Sykkjølvsbru er ei kvelvingsbru i stein, som det er så mange av, både i Sykkylven og elles, men teknologien er ikkje mindre imponerande for det. Den kan sikkert måle seg med den som er i bruk i dag i moderne brukonstruksjonar. Konstruksjonen er fleire tusen år gammal, og stammar frå Babylon, men er mest kjend frå romartida, med sine akvaduktar, kyrkjer og andre monumentalbygg. Prinsippet skulle vere vel kjent: Kvelven som ber bruа er ein sirkelsektor - som regel ein halvsirkel, men ikkje meir! Det er viktig! Steinane er svakt kileforma, og dei skal peike inn mot sentrum i ein tenkt sirkel. Då måtte kvar enkeltstein

hoggast til slik. For å få kvelven på plass vart det bygt eit stillas - sikkert ikkje det minst kompetente fagarbeidet! På dette stillaset vart kvelvsteinane tira saman. På desse vart så

steinene i sjølve bruа plasserte. Arbeidet måtte naturligvis gjerast vinterstida, når det var lita vassføring. I prinsippet skal bruа berre bli sterkare til større trykk ho blir utsett for, heilt til steinane vert knuste eller grunnen sviktar!

Sykkjølvsbruа vart konstruert og bygd av Magnus Gjævenes, betre kjend som Brunstad-Magnus. Han døydde i 1912, 87 år gammal. Han bygde dei andre kvelvingsbruene i bygda og mange rundt om i andre bygder også. Vi må vel rekne med at Sykkjølvsbruа vart bygd medan han enno var i sine velmaktsdagar, seinast ein gong i løpet av 1870-åra.

Bygdefellesskapet mellom Hundeidvik/Tusvik og Hjørundfjord opphørde etter kvart. Segna vil ha det til at årsaka til dette var ei tragisk hending som skal ha skjedd då eit brurefølgje vart tatt av eit snøskred på veg til kyrkja på Sæbø. Alle skal ha omkomme. Slikt skjedde: 1. januar 1770 tok ei fonn tre kyrkjebåtar som kom frå brurevigslе i Sæbø kyrkje. 27 menneske omkom, fem vart berga. Denne historia er godt dokumentert. Alle som var med, kom frå gardane i Skjåstaddalen. Det kan verke som om det er denne tragedia her som er opphavet til segna om brurefylgjet frå Hundeidvik.

Den verkelege årsaka var nok langt mindre dramatisk og meir triviell, heldigvis. Sjølve prosessen ser ut til å ha gått over nokre år: I 1798 vart Sunnmøre sorenskrivarem-

delt i to - nordre og søre. Hundeidvik kom då under den nordre delen, men skulle framleis ligge under Hjørundfjord skipreide. Det neste var at det skulle byggast veg gjennom Søvikdal. Alle bøndene i Ørskog kyrkjesokn skulle vere med å betale for dette. Hundeidvik låg under dette soknet i lag med resten av Sykkylven. Men bøndene i Hundeidvik hadde då alt vore med på vegarbeid i Hjørundfjord, fordi dei altså hadde arbeidsplikt der. Kravet om å sleppe denne dobbeltplikta gjorde at Hundeidvik vart overført til Valle skipreide, som Sykkylven og Ørskog høyrdet til. Dette skjedde i 1803. I 1837 kom lova om kommunalt sjølvstyre, eller lova om formannsskap i byane og på bygdene. Sykkylven kommune vart då oppretta i lag med dei andre kommunene i landet, og nye kommunegrenser vart fastlagde mange stader. Det var då heilt naturleg at Hundeidvik og Tusvik kom med i Sykkylven kommune. Den nye grensa mellom Sykkylven og Hjørundfjord vart flytta til det såkalla Halvtunggylet ca ein km utanfor Strandabøen.

Dermed var Sykkylvselva ute av soga, og vart berre den vesle bekken av raudbrunt myrvatn, som på det topografiske kartet til Norges geografiske oppmåling for Sykkylven har fått namnet Svartebekken. Midt på 50-talet då trafikken med buss og vareruter var kome godt i gang, vart bruа utvida. Like etter 1960 vart vegen omlagd rett fram utanom svingen over elva, og Sykkjølvsbruа gjekk også over i gløymsla.

Fornfunna på Aure-garden har vekt interesse langt utanfor Sykkylven. Men sjølv om det har vore skrive ein del om det som er grave fram av molda, er det nok framleis mange som er usikre på tydinga av dei ulike omgropa som vert nytta innafor arkeologien. Tidlegare redaktør i Årboka, rektor Roald Solheim, forklarer her nokre av dei sentrale omgropa og set funna i Sykkylven inn i den store samanhengen.



Fornfunna i Sykkylven og arkeologiske omgrep

av Roald Solheim

Mange stader i Sykkylven er det registrert funn frå forhistorisk tid. Men kvar går skiljet mellom historisk og forhistorisk tid? Kva er steinalder, bronsealder og jernalder? Og kva er pollenanalyse og C 14-datering?

Historisk og forhistorisk tid

Med forhistorisk tid meiner vi den delen av ein kultur si utvikling som ligg så langt attende at det ikkje er funne skriftlege minnesmerke etter han. Overgangen frå forhistorisk til historisk tid har gått føre seg til ulik tid hjå ulike folk: i Egypt og Babylon ca 3000 år f. Kr., og i Hellas ca. 800 år f. Kr. Mange meiner at det er rett å seie at overgangen i Noreg gjekk føre seg i løpet av første halvdelen av 1000-talet e. Kr. I så fall ligg storparten av vikingtida i forhistorisk tid. Det kan drøftast om dette er heilt rett. Kanskje er det meiningfylt å sjå på storparten av vikingtida som ein overgangsfase mellom forhistorisk og historisk tid i Noreg?

Arkeologi

Den viktigaste reiskapen når vi granskar forhistorie, er arkeologi. Ordet kjem av det greske arkhaios som tyder gammal, og logos som tyder lære. Arkeologien si fremste kjelde er funn av oldsaker som glas, våpen, reiskap og smykke. Keramikk er ei viktig oldsaksform, av di gjenstandane følgjer svingingar i motane. Keramikken kan av den grunn vere eit barometer for kulturpåverknader og utvikling. Faste fortidsminne er ei anna oldsaksform.

Her i Sykkylven kan vi nemne tuftene på Auremarka, og gravrøyserne i Hundeidvik, i Tynesstranda og på Ørsneset. Arkeologien stiller strenge krav om presisjon i oppmåling, nedteikning og dagbokføring. Metoden med å dele forhistorisk tid inn i steinalder, bronsealder og jernalder, kallar vi for treperiodesystemet. Denne inndelinga tydde eit stort framsteg for arkeologien som vitskap. Ulike fagpersonar fekk konsentrere seg om spesielle tidsbolkar. Det blei ei effektiv arbeidsdeling. Men treperiodesystemet har også sine klare avgrensingar. Det er mange geografiske område i verda som ikkje har hatt bronsealder og jernalder. Amerika og øyar i Stillehavet er døme på det.

62

Pollenanalyse og C 14-datering

Av stor verdi for dei gode resultata som er oppnådde, særleg innanfor steinalderforskinga, er hjelpemiddel som pollenanalyse og C14-datering. Det var i 1947 at W. F. Libby fann fram til ein ny metode til å bestemme alderen av svært gamle ting. Grunnlaget var ein isotop; C14, som er eit radioaktivt karbonstoff. Denne isotopen blir heile tida produsert i atmosfæren, og vert assimilert av vegetasjonen saman med vanleg karbon, og går derifrå over til dyr og menneske. I levande organismar vert det eit konstant høve mellom radioaktivt og ikkje-radioaktivt karbon. Når organismen dør, er det slutt på tilførsla av radioaktivt karbon, og det som er der, minkar jamt med tida (til halvparten av det normale på 5570 år). Innhaldet av C14 i gamle ting vert eit mål for alderen. Med denne metoden kan ein ganske påliteleg måle alder heilt frå nokre få hundreår til 20-30 000 år.

Ein eigenskap ved dei ørsmå pollenkorna til blomsterplantane og sporane til karsporeplantane, er at dei er mest som fingeravtrykk. Ser ein fagperson på dei i mikroskop, kan han eller ho oftast seie kva plante dei kjem frå. Ulike jordlag kan ha ulike konsentrasjonar av pollnen frå ulike arter. Dette kan fortelje om svingingar i klima og vokstervilkår. Til dømes kan pollennfunn av havre og bygg seie noko om når menneska i eit området tok til å dyrke korn. Finn vi pollnen av varmekjære lauvtre som lind, eik og bøk, fortel det at klimaet i ein periode må ha vore rimeleg tørt og varmt.

Den første tida

Steinalderen kallar vi dei forhistoriske periodane dåstein var det viktigaste reiskapsmaterialet ved sida av tre, horn og bein. Steinalderen er eit svært langt tidsrom, som mange stader har vart heilt til historisk tid. Kanskje der enno er isolerte stammar på Ny Guinea eller i Amazonasjungelen som framleis lever på steinaldermåvå? I Midtausten var det slutt på steinalderen for meir enn 5000 år sidan. I Sør-Skandinavia kan om lag 1500 år f. Kr. vere grensa for metalltid. Lenger nord, t.d. i Finnmark, har nok den steinbrukande tida vart lengre. Dei første sikre spor etter reiskap er dei såkalla eolittane. Dette

er svært grovt hogne rullesteinar som kunne brukast som våpen, eller til å knuse ting med.

Steinalderen; tre fasar

Grovt sett kan vi dele steinalderen inn i tre hovudfasar; paleolittisk, mesolittisk og neolittisk tid. Den første fasen skriv seg frå siste istid, då storbreen enno dekka mesteparten av landet.

I paleolittisk tid var fiske, jakt og samlarverksemd dei einaste næringsvegane. Hunden var einaste husdyret. Reiskapane var av bein, horn og grovt hoggen stein.

Den andre fasen, mesolittisk tid, representerer eit mellomstadium. Då var istida slutt og klimaendringar hadde ført med seg store forandringer i vegetasjon og dyreliv. Mesolittisk tid representerer fleire stader ein overgang til neolittisk tid, og er ofte ein periode karakterisert ved varsam oppstart av husdyrhald, jordbruk og visse endringar i teknologien. Av kjende funn frå mesolittisk tid kan ein nemne Magelmosebuplassane i danske torvmyrer, funn i Nøstvet i Ås, på Hardangervidda, i Fosna i Kristiansundområdet og i Komsa i Finnmark.

Yngre steinalder

Neolittisk tid, eller yngre steinalder, er karakterisert ved omfattande endringar i teknologi, sosial struktur og næringsform. Jordbruk og feavl vart vanlegare. Byrjinga av denne fasen starta truleg i Midt-Austen, og spreidde seg etter måten fort til Europa, og kom til Sør-Skandinavia om lag 4000 år f. Kr. Yngre steinalder er eit svært samansett tidsrom, der mange ulike kulturar har utvikla seg. Dei kan ha sine eigenskapar med omsyn til gravskikkjar, reiskapsformer og keramikksortar. Den neolittiske folkesetnaden gjekk gradvis over til fastare busetnad med åkerbruk og feavl, slik at tilhøva på slutten av steinal-



Deler av det undersøkte området på "Helseenteromta" med tunet på Kapralgarden i bakgrunnen. Her ser vi kokegroper og stolpehol tilhøyrande hus frå romersk jernalder/folkevandringstid. Foto: B. Ringstad.

deren, ca. 1500 f. Kr, i store område var blitt meir like kvarandre, både kulturelt og næringsmessig. Likevel er det viktig å hugse på at samstundes levde mange menneske heilt eller i hovudsak av fangst, samling og fiske. Reiskapane var gjerre dei same som i mesolittisk tid, men nye teknologiar, til dømes sliping, kom til. Det vart nytta råmateriale som flint, skifer, kvartsitt og bein. Funna i Finnmark og Troms er rike frå denne tida. Fleire stader er det grave ut buplassar med talrike, gammelknande hus, bygde av jord og kvister. Frå denne tida stammar mange av helleristingsfeltet. Vi veit ikkje om funn av steinalderbuplassar i Sykkylven. Men at her eksisterte slike, er langt frå utruleg. Som vi kjem tilbake til, har vi funn av jaktvåpen frå perioden. Då må her ha vore menneske. Det kan vere at dei berre har vore her på streifjakt, men det kan også vere at dei har vore busette her. Sjøen stod langt høgare den gongen enn i dag. Fjorden gjekk fram i Velledalen.

Det er ikkje mange som har skrive om steinalderen i Sykkylven. Fylkesarkeolog Bjørn Ringstad er inn om emnet i 1995-utgåva av "Årbok for Sykkylven". Ola Tandstad har skrive eit kapittel om perioden i boka "Sykkylven i eldre tid" frå 1962. Han nemner mellom

anna funn av flintøks på Straume, og funn av flintsokane, dolk og to flintspydspissar på Grebstad. På Brøvoll er det funne ein eldstein i flint. På Tynes er det funne 14 flintstykke av ulik form og storleik. På Aure er det også gjort spennande funn. Like etter siste krig leverte Karl Ramstad inn fire steingøksar som han hadde funne. Det ser ut til å vere tidsmessige ulikskapar på øksene. Den eldste er ei såkalla "trinnøks", som det kan vere naturleg å datere til slutten av eldre steinalder; det vil seie at øksa kan vere 6 - 7000 år gammal! Dei tre andre øksene; to "Vestlandsøksar"



Den sentrale delen av helsesentertomta med spor etter langhus frå eldre jernalder (romersk jernalder/folkevandringstid).
Foto: B. Ringstad.

og ei "retteøks" av flint, er frå yngre steinalder. Alle desse funna er på Historisk Museum i Bergen. Det er sikkert ikkje mange frå Sykkylven som har sett gjenstandane. Det er råd å få laga nøyaktige kopiar av fornfunna, både med omsyn til form og materiale. Det hadde vore interessant med ei slik samling i eitt eller anna høveleg lokale i Sykkylven.

Bronsealder

Denne perioden er karakterisert ved at bronse i stor utstrekning vart nytta i reiskap, våpen og smykke. Bronsealderen er, som dei andre to periodane, eit utviklingstrinn, og slett ikkje alle område på planeten nådde dette kulturnivået. Då bronse er ei legering av koppar og tinn, og desse to grunnstoffa sjeldan er å finne i nærliken av kvarandre, er handel og sjøfart viktige vilkår for metallretten. Ein av føresetnadene for handel og sjøfart er eit næringsliv som har så høgt overskott at det kan underhalde og utvikle leiarar, og spesialistar innanfor handverk og handel (eller religion). Hovudområdet i nordisk bronsealder er Danmark og Skåne. I Noreg har Jæren dei fleste bronsefunna, men det er gjort funn så langt nord som til Harstad. Store mengder råstoff og ferdigvarer i bronse fann vegen til Norden. Bronsehandteringen vart så godt utvikla her at vi må rekne med nesten industriliknande verksemder drivne av

ande spesialistar. Hovudnæringa i bronsealderen i Sør-Skandinavia var åkerbruk og husdyrhald. I stordelen av Noreg har nok tilhøva vore meir nyanserte, slik at vi mange stader truleg har hatt kombinasjonsløysingar med åkerbruk, feavl, jakt, fiske og sanking. I tillegg til jordbruk og fangst, var truleg kontroll over bronseimporten og den vidare distribusjonen av bronsen, eit vesentleg maktgrunnlag for hovdingane. På Blinkentomta på Aure i Sykkylven er det funne tre hustufter daterte til yngre bronsealder. Keramikkfunn frå same staden er også tidfeste til dette tidsrommet.

Klassedelte samfunn

Gravrøyserne frå eldre bronsealder har ofte mektige dimensjonar. Ein gravhaug i Skåne har ein diameter på 70 meter. Danmark har eit stort tal gravrøyser frå bronsealderen. Ofte ligg desse på nakne holmar og øyer langs kysten. Også hos oss er det gjort slike funn.

Bygginga av røyserne kunne berre skje med mange menn, og over svært lang tid. Det må følgjeleg ha vore personar her med stor makt over andre. Dei døde, som vart gravlagde i haugar i eldre bronsealder, vart lagde i kister av stein eller tre. Lika har vore fullt kledde og utstyrte som til fest. Kvinnene hadde bronsesmykka med seg, og mennene



"Kokegrop" med steiner langs kanten av gropa. Foto: B. Ringstad.

fekk med seg sverda sine. Dei trudde på eit liv etter døden. I yngre bronsealder vart dei døde brende, og gravhaugane innskrenkar seg til nesten ingen ting. Vi reknar med at dei nye skikkane med likbrenning kom frå utlandet. Bronsealderen sine våpen var dolk, sverd, spyd og øks. Forma på våpen skifta ein heil del i løpet av perioden. Våpen skulle ikkje berre vere effektive. Dei skulle samstundes vere vakre statussymbol. Dei skulle vitne om makt og rikdom, om lag som skattelistene, titlane, bilane og bustadhusa våre. Kvinnesmykka var håpynt, halsringar, armringar, beltepryd, draktspenner og ringar. Endå meir enn sverda til karane, var kvinnenesakene pryda av kunstferdige spiralar, trekantar og sirklar. Alt var etter eksempel frå landa i Sør-Europa.

Noko av det som prega heile det nordiske bronsealderområdet, er dei dyre ofringane som fann stad. Store samlingar av bronsegjenstandar, ofte kvinneting, vart gøynde i urer, gravne ned i jorda, eller plasserte ute i ei myr. Vi reknar desse skattane for å vere offer til gudane. Saman med helleristningane frå bronsealderen fortel dei om aktiv folketri, om magi og livsdyrkning. Helleristningane syner mellom anna verdisaker som også var vanlege i offerfunna. Men skip er likevel det motivet som går mest att. Helleristningane fortel at sjøfart var viktig. Dei største båtane frå perioden hadde plass til 50 menn eller meir.

Dette er store båtar. Ristningane syner også lurblåsara, menn med økser, solhjul og skålgrøper. Både menn og dyr er teikna i full avlskraft. For bøndene kunne føremålet med helleristningane vere å auke avling og avdrått. For jegeren var det viktig å føre hjorten til stupet, der manngarden lett kunne jage dyra i døden. For sjømannen var det greitt å tinge lagleg bør.

Det harde og seige metallet

Dei eldste jarnsakene vi veit om, er frå graver i Asia frå det 3. tusenåret f. Kr. Folk hadde kjent kunsten å vinne ut jarn frå bergmalm, og å produsere råjarn svært tidleg. Men råjarn er mjukt, og det eignar seg därleg som erstatning for den harde bronsen i våpen og reiskap. Men så vart det ei krise i Middelhavsområdet. Det blei mangel på bronse. Kan hende var det tilgangen på tinn som svikta? Krisa førte til auka eksperimentering med jarn. Problemet var at jarn har eit langt høgare smeltepunkt enn bronse; bronsen smeltar alt på 1200 C. Jarnet sitt smeltepunkt ligg på 1537 C. Så høg temperatur er det vanskeleg å få til i ein primitiv smelteomn. Men ved ein kjemisk prosess, "oppkoling", kan hardleiken i jarn auke. Jarnet må då haldast glødande over tid i temperaturar mellom 800C og 1200C. Då tek jarnet opp karbon frå det glødande trekolet. Jarnet blir til stål, og ved hamring blir metallet dobbelt så hardt som kaldhamra

bronse. Denne prosessen vart kanskje oppdaga ved eit tilfelle, og så teken vare på. Jarnalderen er namnet på den førhistoriske perioden som løyser av bronsealderen. Tida er kjenneteikna ved at jarn vert brukt til våpen og reiskap, og delvis også av nye gravskikkjar og busetnadsmåtar. Det var i Vesleasia (Tyrkia) og Midtausten at jarnet først vart nytta som bruksmetall. Dette gjekk føre seg der om lag 1500 år før Kristus. I Hellas og Italia kom jarnet i bruk kort tid etter år 1000 f. Kr. I Etruria (Toscana) i Italia utvikla det seg eit omfattande jarnhandverk som forsynte heile halvøya med jarnvarer. Hallstatt i dei austrikske Alpane er det tidselgaste og viktigaste sentrumet for bruken av jarn i Europa. Det har gjeve namn til Hallstatt-kulturen. Denne kulturen spreidde seg fort til store deler av verdsdelen. Kulturen vart avløyst om lag 500 år f. Kr. av ein ny, keltisk jarnalderkultur; la Tene-kulturen. I Noreg og dei andre nordiske landa kom ikkje jarnet i vanleg bruk før om lag 300 år f. Kr. Frå om lag starten av tidsrekninga vår og fram til om lag 400 år e. Kr., reknar vi i Norden ein periode som vi kalla romersk jarnalder. Grunnen til dette namnet er at det var livleg handel mellom folka i nord og dei romaniserte provinsane, særleg områda kring Rhinen.

Jarnalderen i Sykkylven

På Blinkentomta på Aure er det funne spor etter 10 til 15 hus. C 14-datering syner at nokre av desse tuftene er frå førromersk jarnalder. Storleiken på husa er 8 - 15 m. Alle husa hadde to rekker med takberande stolpar. Fleire av husa hadde avrunda gavlvegger. Helsentertomta har hatt bygningar som har vore i bruk frå ca. 100 år e. Kr. til om lag 600 år e. Kr. Desse husa har hatt varierande storleikar. Dei minste er 10 - 15 meter lange, dei største er heile 60 meter lange. Husa har hatt parvise takberande stolpar, samansett til ei grind, inne i huset. Konservator Per Fett skriv i "Sykkylven i eldre tid" om funn mange stader i Sykkylven. Han siterer m.a. Peder Fylling, som fortel om ei gravrøys på Ørsneset at ho var "52 skritt i omfang, med et åpentstående gravkammer, 8 alen (5 m) langt og 1 alen bredd, hvis ende- og sidestene have beholdt sin opprindelige plads, medens overliggende, to svære heller, ligge ved kammersets side". I Hundeidvik er der registrert ei sneis haugar og røyser. Det er også registrert mange liknande funn andre stader i Sykkylven. Per Fett skriv at gravrøysene skriv seg frå bronsealderen og jarnalderen. Per Fett meiner at nokre av gravrøysene kan skrive seg frå vikingtida. Perioden etter 600 e. Kr. vert gjerne kalla yngre jarnalder. Siste del av eldre jarnalder vert kalla folkevandringstida

(400-600). Merovingtida er perioden 600-800 e. Kr. Yngre jarnalder blir avslutta med Vikingtida (800-1050).

I jarnalderen har det vore jarnutvinning og bruk av jarnreiskap mange stader i Noreg. Jarnet gjorde det mogleg å auke effekten i fleire deler av næringslivet. Folk fekk øks, kniv, fiskekrok, ljå, sigd og lauvkniv av jarn. Nordmennene lærte seg å vinne ut jarn av myrmalm. Mange stader var dette ein aktivitet som måtte gjera kvart år, på same måten som vårinne og slåttonn. Jarnvinna gjekk føre seg to gonger for året. I jarnvinna om våren vart malmen graven opp or myra og turka. Og det vart laga trekol. I jarnvinna om hausten gjekk sjølve jarnframstillinga (jarnblesten) føre seg. Blestringa fann stad i omner bygd opp av stein/leire. Jarnet kom ut som seige klumper, og det måtte hamrast handfast om ein skulle få ut slagget. Med det vi no veit om busetnad i Sykkylven i jarnalderen, er det rimeleg å tru at det var jarnproduksjon her med. Grendene har store myrområde der folk kunne leite etter myrmalm. Bjørkeskogen vokser viljug i liene, då som no. Kanskje er kolhaugane ved Dravlausstølen vitne om jarnvinne?

Vitskapsfolk meiner at solsystemet vårt, med sola og dei ni planetane, vart til i ei kosmisk støvsky for 4 - 5 tusen millionar år sidan. Homo sapiens neanderthalensis dukka opp for ein halv million år sidan, og homo sapiens sapiens vart skapt for toppen hundre tusen år sidan. Det er ikkje så lenge det har vore menneske på denne planeten. Spor etter folk frå forhistorisk tid i Sykkylven er spor etter slektingane våre. Ved å lære om dei, kan vi lære om oss sjølve og om andre. Vi kan lære oss å vere litt meir audmjuke. Både som art, og ikkje minst som individ, er vi berre på besøk her ein svært avgrensa periode. Arkeologi har med perspektiv å gjere. Sykkylven må ta vare på minna frå forhistorisk tid og formidle kunnskap og innsikt om dei vidare til nye generasjoner.

Kjelder: A.Hagen: Norges Oldtid.

G.Clark : World Prehistory.

C. Renfrew: Before Civilization. The radiocarbon revolution and pre-historic Europe.

Ringstad, B: De arkeologiske utgravingene på Aure; s.53-56 i "Årbok for Sykkylven 1995".

Tandstad, Ola: Sykkylven i eldre tid. Utgjeven av Sykkylven Sogenemnd i 1962.

Cappelens store leksikon. Aschehoug og Gyndendals store leksikon. Norsk allkunnebok.

Desse har vore med å støtta utgjevinga av

Årbok for Sykkylven 2000

Sparebanken Møre

Norsk Møbelfaglig Senter

Cylindra Galleri

Formfin Møbler AS

SAPDesign as

Sykkylven Energi AS

Idebygg AS

L.P. Riksheim Treindustri AS

Stjernemadrassen AS

Tema Trading AS

Sykkylven Næringsutvikling

Sandella Fabrikken AS

Hjellegjerde Møbler AS

Advokat Kjetil Kvammen

Posten Norge BA

Aure Bygg AS

ICA Spar Mat, Straumgjerde

Straumen Grill & Bistro

Vestbil

Ekornes ASA

Ø. Uri & Sønn AS

Elias Vinje

Gjensidige Sykkylven

Møre Trafo AS



Den gamle Sykkylvsbrua-

vart bygd over Sykkylvselva som renn mellom Hundeidvik og Tusvik.

Måleri av Knut Myrseth.

Bestemors kveldsbøn

Kjære Gud ha takk for denne dag
Og takk for følgje og for ferdalag
Du var for meg så god
Og ved mi side stod
 Du sol let skine
 På meg og mine
Og over mark og grøde
oss alle skapt til føde

Eg er så gammal, trøytt og sliten
Og kjenner meg så liten
Og snart kjem vel siste stunda
Lat meg då få blunda
 I herlegdom oppe der hos deg
 Vesle, gamle, ringe meg

Der oppe er så gildt og stort
Gategull og perleport
Kvardagsklær i kjolar kvite
Og det for meg som kan så lite

Eg vil berre inn for døra
Site ned og legge av meg børa
Synge med mi vesle røyst
I lag med englesong til fred og trøyst

Kjære lat meg sove godt i natt
Til morgondagen vaknar att

Ved Petter Kursetjerde